



Kommunedelplan for Kulturminne og Kulturmiljø

Framsidedefoto:

1. Muntehuset – Luster kommune
2. Husmannsplassen Hestaskårane – Torunn Løne Vinje
3. Geil – fegate på Veitastrand – Åshild Ekrene – fotokonkurransen
4. Gamal bru – Per Birger Lomheim - fotokonkurransen

INNHALD

Del I Planomtale	4
1. Innleiing	4
2. Føremålet med ein kommunedelplan på kulturminneområdet	4
3. Visjon	4
4. Verdigrunnlag:	5
5. Fokusområde	5
6. Luster – eit historisk modellområde	6
6.1 Dagens synlege kulturminne i landskapet	6
6.2 Freda kulturminne	7
6.3 Historisk tid – Luster eit maktsentrum	7
6.4 Intensiv utmarksbruk	8
6.5 Ferdsla	8
7. Utfordringar i kulturminnevernet	9
8. Kulturminneregistreringar og fotokonkurranse	10
9. Planen sin rettsverknad	10
10. Utviklinga i kulturminnevernet i Luster	10
11. Bakgrunn og ytre rammer	11
11.1 Rammevilkår – overordna føringar som verkar inn på kulturminnearbeidet	11
11.2 Nasjonale føringar	11
11.3 Regionale føringar	12
11.4 Internasjonale føringar - Konvensjonar	12
11.5 Lokale føringar	13
11.6 Kulturminne i Luster	13
11.7 Kunnskapsbasar	16
11.8 Verkemiddel i kulturminnevernet	16
11.9 Formidlingsanlegg i Luster / «småskala» formidling	18
12. Planprosess - organisering av planarbeidet	19
Del II Handlingsdel	20
13. Verneverdige kulturminne	20
13.1 Verdsetjing - kriterium	20
14. Omsynssoner – retningslinjer	21
15. Økonomiske verkemiddel	22
15.1 Tilskot til kulturminnevern	22
15.2 Fritak for eigedomsskatt	22

15.3 Andre økonomiske ordningar	22
16. Verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	24
17. Framlegg til lokalitetar som bør vurderast for freding eller regulering til spesialområde kulturminne	34
18. Oppfylgjande oppgåver.....	35
18.1 Kjelde til kunnskap - å utvikle og spreie kunnskap om kulturarven som ressurs	35
18.2 Kjelde til opplevingar	37
18.3 Kjelde til verdiskaping	39

DEL I PLANOMTALE

1. INNLEIING

Fjordbotnen – ei kulturgeografisk sone mellom aust og vest

Luster er ein vidstrekt kommune med mange bygder og grender inst i Sognefjorden, ved ei av hovudferdselsårene mellom Austlandet og Vestlandet. Variasjonane i landskapet er store, frå grøderike område med høg bonitet i fjordbygdene til opne innlandsbygder og dalar opp mot breane og det alpine landskapet i høgjfellet mellom vest og aust.

For dølafolket på Austlandet var fjorden livsnerva ut i verda, og dei havgåande skipa i vikingtida kunne segla inn til dei inste fjordbotnane. Dei store hovdinggardane på dei grønne nesa i høg mellomalderen var setet for kongens menn, og ein av desse var storgarden på Orneset, med høgendeskyrkja (privat) Urnes stavkyrkje som er eitt av våre fremste verdsarvminne.

Noko lenger inne i fjorden ligg Dale kyrkje – ei kyrkje med steinarbeid som har kvalitetar på høgde med Nidarosdomen.

Dei gode jordbruksbygdene i dei lune fjordbotnane gav grunnlag for makt og rikdom, og gjennom hundreåra etter reformasjonen veks det fram eit lagdelt lokalsamfunn med storgardar, embetsgardar, høgdegardar og husmannsplassar som fører oss fram mot vår tid. I denne utviklinga er Luster i ein interessant posisjon i nasjonal samanheng, som det bygdelaget i Noreg med flest husmannsplassar under dei gode gardane i bygda. Her ligg grunnlaget for ei mangfaldig kulturhistorie med særtrekk frå to landsdelar.

Dette er ein kortversjon av kulturhistoria i Luster som fortel litt om det historiske landskapet og det lagdelte samfunnet. Den sosiale lagdelinga som vert særleg tydeleg frå 1600-talet, parallelt med folkeauken og presset på jorda, gjev også innsikt i dei grunnleggjande faktorane som forklarar hovudlinjene i den økonomiske og politiske utviklinga fram mot det moderne Noreg. Men først og fremst er det i vår tid kulturlandskapet og kulturminna som fortel om denne lange utviklinga.

2. FØREMÅLET MED EIN KOMMUNEDELPLAN PÅ KULTURMINNEOMRÅDET

Kommunedelplanar er ein del av kommunane sin kommuneplan, og inngår som eit overordna styringsdokument. Kulturminneplanen skal:

- gje rammer for kommunen si verksemd på kulturminneområdet
- visa kva oppgåver kommunen skal i vareta på både lokalt, regionalt og nasjonalt plan
- vera eit styringsverktøy for prioriterte satsingsområde innan kulturminnevernet.

Denne planen er ein hovudrevisjon av førre plan vedteke i 1994. Handlingsdelen har vore revidert fleire gonger, siste gong i 2000.

3. VISJON

Kulturminne i Luster – i fortid – i notid - i framtid

4. VERDIGRUNNLAG:

Me skal aktivt leggja til rette for å ta vare på eit representativt utval kulturminne som viser Luster si historie gjennom ulike epokar.

Planen skal vera med å leggja grunnlag for bruk og forvaltning av kulturminne som miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskapar. Dette inneber at forvaltning av kulturminne skal knytast til ein bevarings- og utviklingsstrategi der også ressursar, organisering og prioritering av oppgåver er sentrale tema.

Luster er ein viktig reiselivskommune på Vestlandet. Reisande etterspør i større grad opplevingar både i form av aktivitetar og kunnskap. Kombinasjonen kulturminne og kunnskap er i utvikling og har eit større potensiale i Luster. I slikt arbeid er det viktig å kopla kulturhistoria til kulturminna og få fram det historieforteljande landskapet.

Overordna målsetjingar:

Kulturminneplan for Luster skal trekkje opp mål for utvikling av kulturminnearbeidet i kommunen og prioritera satsingsområde.

- *bruka kulturarven i ein strategi for lokal verdiskaping og innovasjon*
- *utvikle og spreie kunnskap om kulturarven som ressurs*
- *bruka kulturarven til beste for befolkning, næringsliv, lokalsamfunn*
- *leggja vekt på kopling mellom kulturminne, friluftstiltak og fysisk aktivitet for bærekraftig bruk av kulturminna og kulturmiljøa*

5. FOKUSOMRÅDE

Planen er bygd opp om desse tre hovudfokusområda

I. Kulturminne – kjelder til kunnskap

Formidla kunnskapen om kulturarven i Luster kommune gjennom fokus på identitet, særpreg ved staden, symbolbruk, omdøme og attraktivitet

- Kunnskap skal vera grunnlaget for å sikra verdifulle kulturminne for framtida
- Kunnskap om den lokale kulturhistoria og kulturminna må formidlast til alle – men med prioritet på barn og unge

II. Kulturminne – kjelder til opplevingar

Kulturminna skal vera ein kjelde til opplevingar og engasjement for dei som bur i og dei som besøker Luster.

Kulturminna og kulturhistoria kan brukast aktivt i produksjon av opplevingar med vekt på

- «stavkyrkja og landskapet»
- ferdsel – fjord, fjell og bre
- husmannsplassar og høgdegardar
- dei små husa; «krydder i landskapet»
- godt samarbeid mellom private aktørar, som eigarar, organisasjonar og næringsliv, og offentlege aktørar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå for å auka opplevingstilbodet innan kulturhistoria i Luster



«Krydder i landskapet» - mjølkebu i Dalsdalen.

Foto: Luster kommune

Kulturminne – kjelder til verdiskaping

Kulturminna vert ein ressurs for lokal og regional næringsutvikling ved å:

- løfta fram verdsarven som ressurs for lokal verdiskaping og lokal identitet
- bruka kulturarven i ein strategi for lokal verdiskaping og innovasjon og leggja vekt på kopling mellom kulturminne, friluftstiltak og fysisk aktivitet
- berekraftig forvaltning av kulturminna og kulturmiljøa

6. LUSTER – EIT HISTORISK MODELLOMRÅDE

6.1 DAGENS SYNLEGE KULTURMINNE I LANDSKAPET

Med bakgrunn i kultur- og næringshistoria har Luster framleis eit rikholdig spekter av kulturminne som vitnar om utviklinga av lokalsamfunnet gjennom fleire tusen år. Kvar for seg og saman fortel desse om eit mangfaldig samfunn, med sjeldsynte og unike kulturmiljø som stavkyrkja på Urnes og steinkyrkja i Dale – vitnemål om samfunns-organisering, makt og rikdom inne i ein trong fjordarm inst inne i den lange Sognefjorden. Dagens spor i kulturlandskapet, frå dei tidlegaste tider til førre hundreåret, er mange:

- *Fangstanlegg og ferdselsveggar i fjellet*
- *Gravhaugar, jernaldergarden Modvo og andre forhistoriske gardsanlegg*
- *Kyrkjehistorie: 11 kyrkjer som vitnar om samfunnet og rikdommen i høgmellomalderen, med verdsarven Urnes stavkyrkje som ein nasjonal kronjuvel og Dale kyrkje, tre 1600-talskyrkjer og 6 kyrkjer frå nyare tid.*
- *Husmannsvesenet med husmannsplassen Hestaskår si lange historie.*
- *Høgdegardane med Ormelid, Fuglesteg og Skåri som dei fremste.*
- *Storgardane og embetsgardane – med bygningane på Christianeslyst, Flahamar, prestegarden i Luster, sorenskrivargarden i Solvorn og offisersgarden i Kroken – Muntehuset.*
- *Stølsmiljøa – 360 stølar og Ormelid som det eldste dokumenterte fleirstølsanlegget i landet, med omfattande bruk av stein som byggemateriale.*
- *Steinbygningar som ein eigen byggetradisjon.*
- *Strandsitjarstaden Solvorn med ein historisk intakt bygningsstruktur i sjøkanten – ein veg ut til omverda frå dei rike gardane i Hafsløbygda.*
- *Tobakkshus og torvhus – karakteristiske innslag i næringshistoria*
- *Munthehuset - kunstnarheimen*
- *Sanatoriet Harastølen – helse og rekreasjon i landskapet*
- *Wittgenstein – filosofen sin tenkjeplass*



Klebersteinsportalen i Dale kyrkje, Luster.

Foto: Normann Foto

6.2 FREDA KULTURMINNE


Luster har 8 vedtaksfreda bygningar / anlegg. 3 av anlegga er klassiske storgardar tilbake til 1700- og 1800-talet. I tillegg kjem eit stølsområde, ei turisthytte, ein høgdegard.

Bensinstasjonen i Skjolden står som symbol på framveksten av den "moderne" tida.

Wittgenstein-huset i Skjolden er under freding.

I Luster er det gjort mange rike funn frå forhistoria i form av gjenstandar og arkeologiske utgravingar som kan fortelja myke om den tidlegaste busetnaden. Funna er gjort frå fjordbotnen til høgfjellet. I fjellheimen i Luster finst

det ei mengd minne etter gamal jakt- og veidekultur som fangstanlegg, leidegerde for rein, bogestelle og hellarar. I lågare område er det lausfunn i form av våpen, smykke og bruksgjenstandar.




Luster – det kulturhistoriske landskapet - eit modellområde

Jernaldergarden Modvo (ca 300 – 500 e. Kr) i Hafslo er det einaste kjende gardsanlegget frå denne tida i Sogn og Fjordane. Ved utgravingar kring det 30 meter lange hovudhuset er det gjort funn som fortel om både daglegliv og utstrekt handelsverksemd og om dei "storfolka" som budde her. Seinare utgravingar i Solvorn har avdekka eit langhus frå yngre romersk jernalder (ca 300 e.Kr.), som er vel 50 meter i langt og 7-8 meter breitt. Dei eldste og mest synlege minna er dei mange gravhaugane som ligg spreidde kringom i kommunen.

Modvo - slik det kan ha sett ut.

Kjelde: Kulturhistorisk leksikon



6.3 HISTORISK TID – LUSTER EIT MAKTSENTRUM

Fleire storgardar i Luster, som Ornes, Sørheim, Kroken og Talsete var tilbake i høg mellomalderen setegardar for norsk høgadel. Eigarane hadde nær tilknytning til dei sentrale maktpersonane i landet på denne tid og kom til å leggja grunnlaget for utviklinga av viktige trekk i dagens kulturlandskap. Dei eldste kyrkjene i Luster – der fleire vert rekna som nasjonale kulturskattar har sitt opphav i denne maktsamlinga.

"Kronjuvelen" er verdsarvkulturminnet Urnes stavkyrkje, som er det fremste vitnet frå denne stordomstida. Dale kyrkje og stavkyrkja som stod i Fortun – seinare flytt til Fantoft utanfor Bergen på 1800-talet - har og sitt opphav frå denne perioden. På 1600-talet vart fleire av dagens kyrkjer bygde; Joranger kyrkje (1620), Gaupne gamle kyrkje (1647), med vakre bygningsdelar frå ei eldre stavkyrkje, og Jostedal kyrkje (1660). På grunn av folkeauken på 1800-talet vart fleire eldre kyrkjer erstatta med nye og i dag er det i alt 11 kyrkjer i kommunen. I 2011 er det også kome for dagen spor etter ein mogleg kyrkjegard ved Svensøy i Fortunsdalen.

Svartedauden, dansketida og reformasjonen er stikkord for samfunnsutviklinga og nedgangstidene etter høg mellomalderen. Oppgangen byrja å koma til syne på 1600-talet, med ein gradvis folkeauke. Etter kvart som

storgardane vart oppløyste, vart mindre gardsbruk skilde ut, og dagens eigedomsstruktur byrja å ta form. Då ser me ei utvikling med auka bruk av utmarksressursane, auka oppdyrking, bygging av steingardar, etablering av nye tunstrukturar og bygningar som har stått heilt fram til 1800-talet og overgangen til vår tid.

Dei mange høgdegardane i Luster – med Ormelid si historie 4500 år tilbake i tid – vitnar også om det som var livsgrunnlaget for mange. Den vertikale ressursutnyttinga frå dal til høg fjell kan ha vore føresetnad for tidleg busetjing på mange gardar. Høgdegardane si historie er utdjupa gjennom Vestlandsgardprosjektet som viser Ormelid si lange tidslinje. Ei sentral ferdselslinje mot aust, Dølevegen gjekk gjennom gardsområdet. Andre sentrale høgdegardar er Fuglesteg - som er oppattbygd og nytta som turisthytte, Vormelid – ein overnattingsplass i Utladalen, Opptun, Furåsen, Gjerseggi, Rebni, Øygarden, Bergheim, Kroken (ved Ornes), Berge, Kolstad og Råum.



Høgdegarden Furåsen. Foto Luster kommune

Med dei gamle storgardane og embetsgardane vart det oppretthalde eit overklassemiljø gjennom heile 1800-talet – eit miljø som vi i dag forbind med flatbygdene på Austlandet. Det var folka frå desse miljøa – prestegardar, sorenskrivargardar og offisersgardar - som på 1800-talet trekte til seg den unge generasjonen med kunstmålarar i fronten for den gryande nasjonalromantikken. Munthehuset på offisersgarden i Kroken tiltrekte seg dei store landskapsmålarane som Flintoe, Tidemand og Gude og deira landskapsmaleri, er eit vitnemål om denne perioden.

6.4 INTENSIV UTMARKSBRUK

Bruk av utmarksressursane har vore ein føresetnad for livberginga i Lustrabygdene. Fangstanlegg i fjellet er dei fyrste vitnemåla om dette. Mange er registrerte – endå fleire er funne og ikkje registrerte. Derimot er dei 360 registrerte stølane – med alt frå 2 til kanskje 10/15 sel – vitne om ein omfattande utmarksbruk fram til førre generasjon.

Ormelid Øvre er Noreg sitt eldste dokumenterte fleirstølsbruk med tre stølar frå kring 1250. Døme på andre særmerkte stølsområde er m.a. stølane til Ornes i Kinsedalen, Kringla og Dalsdalen i Luster.

6.5 FERDSLÅ

Ferdsla over fjellet og breen har alltid vore stor. Både for veiding, handel, hærferd, pilegrimferd, driftehandel, og reiser i embetsmedfør og verdsleg ærend. Mellomaldervegen over Dølafjellet – med sine mange vardar som kan vera både frå mellomalderen og førhistorisk tid - er synleg dokumentasjon på denne samferdslehistoria. Driftevegane fortel ei historie om ferdsel i fjellet langt tilbake i tid. Luster var ein arnestad for dagens fjellturisme. Herberget i Ormelid er truleg den bygningen i Luster som har lengst tradisjon, og kan ha sitt opphav som fjellstove tilbake til mellomalderen.

Tindane og breane tiltrekte seg tidleg på 1800-talet utanlandske oppdagingsreisande, seinare kom kunstmålarane og fjellturistane. Dette førte til ei raskt aukande reiselivsnæring og nye trehotell og turiststasjonar i sveitserstil vart bygde som t.d. Turtagrø, Skjolden hotell, Forthun Turiststasjon og Tørvis hotell. Desse kom i tillegg til dei gamle handels- og gjestgjevarstadene som kan førast tilbake til 1600-talet (Walaker, Døsen, Fuhr, Dalsøyri, Eide), og stadene med skysstasjon og herberge (Ormelid og Optun). Utover på 1900-talet gjorde også DNT seg gjeldande i fjellområda våre, og overnattingshytter i fjellet vart bygd mange stader. I 2009 vart ei av desse hyttene freda; Arentzbu i Breheimen Nasjonalpark.

Fjellvegane, vardane og dei mange hellerane vitnar framleis om den omfattande ferdsla over fjellet og breen. Likevel var det fjorden som var hovudferdselsåra. Det var båtane og fjorden som la grunnlaget for mykje av aktiviteten som kan sporast tilbake til tidleg mellomalder og førhistorisk tid.

Strandsitjarstaden Solvorn har enno ein struktur som kan førast tilbake til mellomalderen og som viser ei allmenn utvikling av små tettstader ved fjorden. Her fin ein framleis ei sjøhusrekke med bolverksbryggjer ut i sjøen, bak desse eit mylder av like bygningar men med ein parallelstilt hovudstruktur ned mot sjøen, og bakanfor eit gateløp parallelt med strandkanten. Dette er slik arkeologane tenkjer seg at til dømes tettstaden i Bjørgvin kan ha sett ut før byen vart etablert. Bygningane er mykje yngre, men den opphavlege tettstadstrukturen som eit allment element er truleg minst like gamal som stavkyrkjekonstruksjonen.

I dette landskapet, med så mange vitnemål om ei stordomstid, finn vi også marginaliteten si historie – småkårsfolket som måtte livnæra seg på ulike måtar for å overleva. På 1600-talet var husmannsvesenet godt etablert i Luster. Dette sette sitt preg på landskapet ved husmannsplassar, strandstover og strandsitjarstadane i Skjolden, Dale, Marifjøra og Solvorn. Nivåskilnadene var store, som for dei sjøveigande gardsbruka, med husmenn som hadde plassar store som små gardsbruk – til småhus i strondi og dei som bygde seg buplass under hellarar oppi dalane. Dei 6 steinstovene som enno står att kringom i Luster er også ein sermerkt byggjeskikk som vitnar om ressursutnyttinga.

Slutten av 1800-talet førde til ei nyutvikling i området. Utvandra lustringar som hadde lært tobakksdyrking i Amerika kom heim att og lærde villig vekk kunnskapen sin. Luster vart den største tobakkskommunen i landet, og framleis står det att nokre få særmerkte tobakksturkehus kringom i kommunen.

Kommunen er rik på vassdrag og fossefall. Luster kom ikkje med i den fyrste industrielle perioden, men framleis står Feigum-mølla som eit synleg prov på hundreårs lange tradisjonar med møller drivne av vasskraft. Den fyrste vassdragsreguleringa som Kanalvesenet (NVE sin forløpar) stod for på vestlandet, finn me i Soget mellom Hafslovatnet og Veitastrondsvatnet. Men om ikkje industrien kom, så melde helse-Noreg si interesse for Luster og den friske luften her. Harastølen sanatorium vart opna i 1902. Dette vart ein kjærkomen arbeidsplass for mange lustringar som fekk ei betre innkome enn det ein husmannsplass kunne by på. Harastølen vart etablert som eit eige lite samfunn – høgt oppe i lia – med utsyn over fjorden, gardane og dei etter kvart dei nedlagde plassane.

Andre verdskrig sette også sine spor i Luster – om enn dei ikkje er så synlege i dag. I Kinsedalen vart det sett i gang ei stor utbygging av eit gruvesamfunn med sikte på utvinning av anorthositt. Drifta vart lagt ned alt i 1944.

7. UTFORDRINGAR I KULTURMINNEVERNET

- Klimaendringar og skader som fylgje av fukt og husbukk
- Bygningar går ut av bruk / funksjonsendring
- Flytting frå landbrukseigedomar
- Endra samfunnsstruktur
- Lite kunnskap om historia bak kulturminna
- Attgroing
- Endra arealbruk
- Økonomiske endringar



Restaurering av løe – «UT av bruk» - men framleis av verdi.

Foto: Svein Solheim

8. KULTURMINNEREGISTRERINGAR OG FOTOKONKURRANSE

Luster kommune har ut frå ulike vurderingar valt å prioritera registreringar som gjev ein viss fagleg kvalitet. Luster har stor breidde av kulturminne og har valt desse tema som då har fått eit ekstra fokus i planen:

Høgdegardar.

Det er registrert i alt 13 høgdegardar med 22 gardsbruk i kommunen.

Husmannsplassar

Det er registrert 71 husmannsplassar. Kriteria for definisjon av husmannsplass er at tunet med bygningar / stove opphavleg har vore ein husmannsplass og at bygningane har ei tilnærma «opphavleg form». Tilstanden på plassane er høgst variabel. Nokon er godt haldne og nokre er til nedfalls.


Fotokonkurranse

I tida oktober – mai 2015 vart det gjennomført fotokonkurranse «Vekas kulturminnefoto» som del av arbeidet med kulturminneplanen. Det kom inn i alt 61 bilete og 10 vart premiært. Vinnaren var Sirko Trentch med bilete av Nes kyrkje.

9. PLANEN SIN RETTSVERKNAD

Kommunedelplan for kulturminne har ingen juridisk rettsverknad. Planen er rettleiande for kommunen sine mål for utviklinga innan kulturminnevern i planperioden og skal leggjast til grunn for kommunen si forvaltning av kulturminne.

Prioriterte kulturminne med omsynssone skal leggjast inn i kommuneplanen sin arealdel ved neste revisjon.



Kommuneplanen sin samfunnsdel i det kommunale plansystemet

«Kulturminneplan i kommunane» er ein del av Riksantikvaren sitt kunnskapsløft.

10. UTVIKLINGA I KULTURMINNEVERNET I LUSTER

Luster kommune var tidleg ute ved å vedta ein kulturminneplan i 1994. Denne har vore ei viktig rettesnor for kommunen sine prioriteringar innan kulturminneforvaltninga i over 20 år. I desse åra har det vore utført

verdifullt arbeid i å sikra mange av kulturminna som har vore prioritert i planen. Kulturminneplanen har også vore med å få eit breiare fokus på kulturminna i kommunen.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Luster kommune har ein eigen SMIL-strategi som gjev føringar for kommunen sine prioriteringar innan landbruket sitt kulturlandskap og kulturminne. SMIL-ordninga er svært viktig når det gjeld å ta vare på kulturminne i Luster. Lokalt er dette den viktigaste tilskotsordninga. SMIL- midlane er løyvt over jordbruksavtalen og vert forvalta av kommunane. Midlane kan løyvast til føretak der det føregår ein produksjon som har rett til tilskot på landbrukseigedomen.

Det vert arbeidd godt på mange område når det gjeld kulturminnevernet i Luster og mange enkeltpersonar, verksemdar og organisasjonar legg ned ein stor innsats i å ta vare på egne kulturminne.

Viktigast av alt er at eigarar av kulturminne ser verdien av det dei eig og tek ansvar for bruk og forvaltning. Kommunen skal vera ein aktiv «medspelar» og tilretteleggjar for at kulturminna vert teke vare på.

Verdsarvarbeidet

Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje vart etablert i 2017. Rådet har brei lokal forankring og ansvar for å fylgja opp det lokale verdsarvarbeidet. Det er tilsett koordinator som har ansvar for å koordinera verdsarvarbeidet i Luster.

11. BAKGRUNN OG YTRE RAMMER

Nasjonalt og internasjonalt vert det retta stadig større merksemd mot korleis kulturminne og kulturmiljø kan vera viktig i den sosiale, kulturelle og økonomiske utviklinga i eit område. Dette samspelet representerer eit stort potensiale for trivsel, busetjing og sysselsetting mange stader.

Luster er ein kommune med ei rikholdig kulturhistorie med mange kulturminne og særprega kulturlandskap i ein storslått natur. Det er ressurskrevjande å ta vare på alt og utfordringar i framtida vert å finna gode løysingar der det vert lagt vekt på at kulturarven vert brukt som ein ressurs i lokalsamfunnsutviklinga.

Planstrategien har desse føringane for Kulturminneplanen:

Laga ein plan som legg grunnlag for i større grad å bruka og forvalta kulturminne som miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskapar. Dette inneber at forvaltning av kulturminne skal knytast til ein bevarings- og utviklingsstrategi der også spørsmål om ressursar og organisering av arbeidet må vera eit sentralt tema.

Sentrale mål:

- å bruka kulturarven i ein strategi for lokal verdiskaping og innovasjon
- å utvikle og spreie kunnskap om kulturarven som ressurs
- å bruka kulturarven til beste for befolkning, næringsliv, lokalsamfunn
- å leggja vekt på kopling mellom kulturminne, friluftstiltak og fysisk aktivitet
- berekraftig bruk av kulturminna og kulturmiljøa der ein også tek omsyn til deira tolegrense

11.1 RAMMEVILKÅR – OVERORDNA FØRINGAR SOM VERKAR INN PÅ KULTURMINNEARBEIDET

Føringar som er gjeve for kulturminnevernet i medhald av lover og forskrifter.

11.2 NASJONALE FØRINGAR

- a. Kulturminnelova
- b. Plan- og bygningslova

Kulturminne i kommunane kan ivaretakast gjennom ulike nivå i plan- og bygningslova

Plan / handsaming		Rettsverknad	Vedtaksmynde
Planstrategi	Fastsetja om det skal utarbeidast / reviderast kommunedelplan for kulturminne i planperioden	Retningsgjevande	Kommunestyre
Kommuneplan Samfunnsdelen	Samfunnsdelen kan gje overordna føringar for arbeid med kulturminne	Retningsgjevande	Kommunestyre

Kommuneplan Arealdelen	Kan fastsetja omsynssone for kulturminne med retningslinjer Kan fastsetja område der kulturminne skal handsamast i reguleringsplan	Juridisk bindande	Kommunestyre
Kommunedelplan	Trekkjer opp rammene for kulturminnevernet i kommunen.	Retningsgjevande	Kommunestyre
Reguleringsplan	Sikring av kulturarven i reguleringsplan Kulturminne, kulturmiljø og landskap kan sikrast i reguleringsplan slik: <ul style="list-style-type: none"> • Arealformål LNFR med underføremål vern av kulturminne og kulturmiljø, § 12-5.5 • Omsynssoner med føresegner, § 12-6 • Føresegner til arealføremål, § 12-7 	Juridisk bindande	Kommunestyre
Byggesak	PLBL kap. 20 og byggesaksforskrifta §§ 2, 3 og 4 fastset at byggesakshandsaming skjer på tre nivå	Juridisk bindande	Delegert vedtak til rådmannen

- c. Stortingsmeldingar:
Nye mål i kulturmiljøpolitikken Stortingsmelding 16 (2019–2020)
Fremtid med fotfeste st.meld 35 (2012-2013)
- d. Riksantikvaren:
Fredingsstrategi – prioriterte kulturminne som også er å finna i *Luster*
Satsingsprogramma: «Kulturminne i kommunen» og «Kunnskapsløftet»

11.3 REGIONALE FØRINGAR

Etter fylkessamanslåinga vil det verta utarbeidd nye planar og strategiar på ulike satsingsområde i den nye fylkeskommunen. Under vert det vist til gjeldande dokument i Sogn og Fjordane fylkeskommune før samanslåinga 01.01.2020.

Luster kommune vil i utgangspunktet vektleggja føringane som etter kvart vert trekt opp i Vestland fylkeskommune når det gjeld arbeidet med å ivareta kulturminna i Luster.

11.4 INTERNASJONALE FØRINGAR - KONVENSJONAR

UNESCO –verdsarvområde

Urnes stavkyrkje og gravplassen står på UNESCO si verdsarvliste.

Verdsarvkonvensjonen (konvensjonen om vern av verdens kultur- og naturarv) er rammeverket for omgrepet verdsarv, og har som mål å få land til å forplikta seg til å ta vare på og verna om stadar av særleg stor kultur- eller naturmessig meining gjennom å underteikna konvensjonar. Det fyrste utkastet til denne konvensjonen vart presentert på FN-konferansen om menneskelege miljø i 1972 og vart vedteke 16. november same år av UNESCO si generalforsamling.

Grunnlaget for innskrivinga av Urnes stavkyrkje er denne:

Stavkyrkjene er av dei mest kunstferdige og teknologisk utvikla trekonstruksjonar som eksisterte i nordvest-Europa i mellomalderen. Kyrkjene var bygd som klassiske basilikaer, men gjennomført i tre. Takrammene var dekt med bord, og taket var tekka med spon, i tråd med utbreidd byggeskikk i de skandinaviske landa. Av dei ca 1300 mellomalderkyrkjene som er registrert er 28 teke vare på i Noreg. Urnes er ei av dei eldste og fremste eksempla på dei norske stavkyrkjene. Berre ved bruk av tre har ein etterlikna romansk steinarkitektur, karakterisert ved bruken av sylindriske stavar med terningkapitel og halvsirkelforma bogar. Den utskorne og skulpturerte dekoren er av eineståande utført arbeid. Utsmykinga tek element frå vikingtradisjonen frå den tidlegare kyrkja (10. århundre), og har gjeve namn til «Urnesstilen», som ein også kan finne i andre delar av Skandinavia og det nordvestlege Europa. Kyrkja sin noverande nordportal har ein opning forma som eit nokkelhol og er skore i djupt relieff.

11.5 LOKALE FØRINGAR

- a. Planstrategi for Luster kommune 2016 – 2020
- b. Kommuneplanen sin samfunnsdel. – sjå vedlegg III
- c. Kommuneplanen sin arealdel – sjå vedlegg III
- d. Reguleringsplanar – areal regulert til spesialområde bevaring
- e. SMIL-strategi
- f. Forvaltningsplan for Ornes
- g. Forvaltningsplan for Solvorn

Den til ei kvar tid juridisk gjeldande arealplanar som Kommuneplanen sin arealdel gjeld framføre kulturminneplanen. Gjeldande føringar i KPA og føringar i KPS.

Der målsetningane i kulturminneplanen kjem i konflikt med privat råderett over eigen eigedom skal det gjerast individuelle vurderingar for å ivareta både hensynet til kulturminne og omsynet til prinsippet om råderett for den einskilde eigar.

11.6 AVGRENSINGAR

Planen er avgrensa til å omfatta faste kulturminne i heile si breidde – også det som ligg i vatn eller i jorda. Planen omfattar ikkje immateriell kulturarv som kunnskap, tru, tradisjonar osv.

Bygningar/anlegg som ligg i område regulert til spesialområde er ikkje særleg omtala i planen. Dette gjeld m.a. Ornes, Solvorn og Skjolden.

11.6 KULTURMINNE I LUSTER

Luster har i alt 165 lokalitetar med Automatisk freda kulturminne (kjelde Askeladden, RA) og 6 vedtaksfreda bygningar / anlegg. Kommunen har eit omfattande SEFRAK-register med i alt 1697 registrerte objekt. Av desse er 1610 bygningar landbruksrelatert. Dette er høge tal sett i høve til innbyggjartalet i kommunen. I 2006 var objekttalet redusert til 1390 bygningar. Dette viser ein relativt rask reduksjon i talet på registrerte SEFRAK-objekt. Kjartan Kvien, Skjolden har på eige initiativ registrert og dokumentert 14 lokalitetar fangstanlegg i fjellet med i alt 50 dyregraver og 5 bogastille.



Bogastille. Foto: Kjartan Kvien

1. Automatisk freda kulturminne

Alle kulturminne frå før 1537 er automatisk freda. Dette kan vera spor etter fangst, landbruk, busetnad, vegar, offerstader, gravstader osv. I Luster er det registrert om lag 150 kulturminne i låglandet og 230 stader i fjellet der ein har automatisk freda kulturminne.

2. Freding etter vedtak

Dette er byggverk eller anlegg av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi som er freda etter vedtak i departementet. I Luster er dette:

- Flahamar, gnr 54. bnr 1, Hovudbygning datert 1760-65.
- Luster prestegard, hovudbygning, datert 1730-34, med kjellarmurar frå middelalderen, Stabburet og lysthuset i Stupulshagen
- Christianeslyst – Embetsmannsgard med 7 bygningar, Solvorn
- Bensinstasjon, Skjolden
- Ormelid – 6 bygningar med kulturlandskap og innmark/utmark, ca 850 daa
- Arentzbu turisthytte, bygd i 1956

Fredingssak pågår:

- Wittgenstein – hytte, bygd i 1914, tilbakeflytta og gjenopna i juni 2019.

3. Kyrkja sine kulturminne

Kyrkjer som er bygd før 1650 er automatisk freda og skal handsamast etter både kyrkjelova og kulturminnelova. Vedtak etter kulturminnelova vert handsama av Riksantikvaren og vedtak etter kyrkjelova vert handsama av Bjørgvin Bispedømmeråd.

Alle kyrkjer som er bygd mellom 1650 og 1850 er listeført, i tillegg kjem nokre kyrkjer bygd etter 1850. Saker som vedkjem desse kyrkjene skal vurderast av Riksantikvaren før det vert gjort vedtak av Bjørgvin Bispedømmeråd.

Automatisk freda kyrkjer

Kyrkjene frå før 1537 er det eldste kristne gudshusa i landet, og er difor av særleg stor kulturhistorisk verdi. Kyrkjene formidlar unik informasjon om mellomalderen og dei tidlege etter-reformatoriske kyrkjeromma. I perioden 1350 – byrjinga av 1600-talet vart det nesten ikkje bygd kyrkjer i Noreg.

- Urnes stavkyrkje (1130)
- Dale kyrkje(1240)
- Fortun kyrkjegard (stavkyrkja bygd på 1100-talet)

Listeførte kyrkjer:

Kyrkjene som er bygd i tida 1650-1850 har eit klårt anna preg enn tidligare kyrkjer. Alder, utforming og tekniske løysingar gjer dei til viktige dokument for kyrkjebygginga i Noreg før dei radikale og formesseig endringane kring midten av 1800-talet. Nokre kyrkjer bygd etter 1850 er også listeført av di dei er arkitektonisk eller kulturhistorisk verdfulle representantar for si tid.

I Luster er dette:

- Joranger kyrkje (1620-talet)
- Gaupne gamle kyrkje (eigd av Fortidsminneforeninga) (1647 – 1652)
- Jostedal kyrkje (1660)
- Nes kyrkje (1836)

Kyrkjer bygd etter 1850:

- Hafslo kyrkje (1878)
- Fortun kyrkje (1879)
- Solvorn kyrkje (1883)
- Fet kyrkje (1894)
- Gaupne kyrkje (1907)

Ingen av desse er «listeført» - dvs har noko form for vernestatus.



NES kyrkje –frå fotokonkurransen

Foto: Sirko Trentch

4. Landsverneplanar

Ein landsverneplan er ei oversikt over verneverdige eigedomar og ei historisk oversikt over ein offentlig sektor. Utvalet av eigedomar er kartlagt og valt ut av sektoren/eigedomsforvaltaren i samråd med Riksantikvaren. Landsverneplanane skal vera grunnlag for eventuell forskriftsfreding jfr kulturminnelova. I tillegg skal planane innehalde oversikt over dei eigedomar som sektoren/verksemda i samarbeid med Riksantikvaren vil verne på anna vis.

Fylgjande lokalitetar i Luster er omfatta av slike verneplanar:

NVE – sin landsverneplan

Namn på lokalitet	Kulturminne-id	Oppført	Status
-------------------	----------------	---------	--------

Soget på Hafslo «Farbargjørelse av Saagelven»	201562-1	1873-84	Statleg listeført
Gravdalen, dam	201551-1	1961	Statleg listeført

Statens Kartverk:

Byggnavn	Kulturminne-id	Oppført	Bygningsnr.	Gnr/bnr	Status
Dyrhaugstind Store varde	244463-1	1916	Sjå koord	215/1	Fredings sak pågår
Dyrhaugstind Store sikringsbolt	244463-2	1923	Sjå koord	215/1	
Dyrhaugstind Store koparbolt	244463-3	1923	Sjå koord	215/1	

5. Område regulert til spesialområde bevaring

a) Reguleringsplan Ornes Plan-Id 1426-1997002

Reguleringsplan vedteken i 1997. Føremålet er å sikra Ornes stavkyrkje verdige og vakre tilkomst , - i eit aktivt jordbrukslandskap. Planen er ikkje til hinder for tradisjonell landbruksdrift.

Planen omfattar 4 automatisk freda kulturminne – 2 gravhaugar, ein bautastein og dyrkingsspor.

Forvaltningsplan Ornes: Planen er utarbeidd etter oppmoding frå Riksantikvaren. Vedteke i fylkestinget 11.12.2012 og Luster kommunestyre 27.09.2012. Planen omfattar det regulerte området på Ornes. Riksantikvaren løyvde i 2015 midlar til at Fortidsminneforeninga kan starta arbeid med ein «buffersoneplan». Arbeidet startar opp i 2017.

Forvaltningsplan – Urnes stavkyrkje: Under utarbeiding

Plan for Buffersone kring verdsarven Urnes stavkyrkje er under utarbeiding og skal inngå i kommuneplanen sin arealdel ved neste revisjon.

b) Reguleringsplan Solvorn – Plan-Id 1426-1995007

Reguleringsplan vedteken 1995. Føremålet er å verna landskapet og bygningsmiljøet i Solvorn. Planområdet femner også om den freda sorenskrivargarden Christianeslyst med freda 7 bygningar og Walaker Hotell.

Forvaltningsplan for Solvorn vedteke 23.05.2013.

I tillegg er det fleire mindre område i reguleringsplanar som er regulert til spesialområde kulturminne:

- Urdi - gardsmiljø, Høyheimsvik Plan-Id 1426-2007002
- Sage Kraftstasjon, Dalsdalen, Plan-Id 1426-2000001
- Naust og sjøbu, Marifjøra, Plan-Id 1426-2011004
- Luster Prestegard, Dale Plan-Id 1426-2011006
- 3 separate kulturlandskapsområde, Heggmyrane Plan-Id 1426-2013005

Kulturminne i verneområde

Av Luster sitt areal på 2703 km² utgjer 1405 km² område verna i medhald av Lov om Naturmangfald. 3 nasjonalparkar og 3 landskapsvernområde har kulturminne som har vorte lagt til grunn i samband med sikringa. Kulturminne av nyare tid som ligg i verneområde har ikkje nokon formell status i medhald av kulturminnelova. Kulturminne frå før 1537 er automatisk freda.

Forvaltning av kulturminne i område verna jfr Naturmangfaldslova er omtala i fylgjande rettleiar;

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M420/M420.pdf>. I denne rapporten er det gjort eit forsøk på å avklara ansvarsforhold mellom nasjonalparkforvaltninga og lokal/regionale myndigheiter,

Verneområde - etablert	Verneform	Totalareal km ²	I Luster km ²
Jotunheimen 1980	Nasjonalpark	1155	184
Jostedalbreen 1991	Nasjonalpark	1315	505
Utladalen 1980	Landskapsvernområde	320	89
Breheimen 2010	Nasjonalpark	1691	569

Vigdalen 2010	Landskapsvernområde	29,2	29,2*
Mørkrisdalen 2009	Landskapsvernområde	34,7	34,7*
Loi	Naturreservat	0,9	0,9*

Tabell: Verneområde der kulturminne inngår som ein del av verneføremålet. * = heile området

Biologiske kulturminne

Biologiske kulturminne er plantar som er sterkt påverka av menneska sitt 0061rbeid. Dette kan vera enkeltplantar og det kan vera større plantesamfunn som t.d. slåttenger, styvingstre, hageanlegg, Biologiske kulturminne er ikkje omfatta av kulturminnelova og har også begrensa vern gjennom naturmangfaldslova.

Nasjonal handlingsplan – slåtteenger: Ormelid

11.7 KUNNSKAPSBASAR

- Askeladden er Riksantikvarens offisielle database over freda kulturminner og kulturmiljø i Norge. (<https://askeladden.ra.no/>)
- Kulturminnesøk er ei nettside med informasjon om over 150.000 kulturminner som er registrerte i kulturminnebasen Askeladden (<https://kulturminnesok.no/>)
- SEFRAK (Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg) er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne.
Registreringar – gjennomgang: Gjennomgangen viser også at det er ein kraftig underregistrering innafor desse kulturminne-kategoriane: stølar, utlør, naust ...
Oppfølging: SEFRAK gjennomgangen gjev kommunen eit godt grunnlag for å registrera kulturminne. Dette vert gjort gjennom eit oppfølgjande samarbeid med skulane, sogelag, bygdelag og turlag.

Nyregistreringar:

Prosjektet har hatt som mål å få ein status på dei registrerte kulturminna i kommunen.

- Stølar i Luster

Gjennom boka «Stølar og stølsliv i Luster» (K. Øvregard 1998) har kommunen ei god oversikt over stølsområda i Luster. Dette veg opp for manglande SEFRAK-registreringar av stølane i kommunen.

11.8 VERKEMIDDEL I KULTURMINNEVERNET

SMIL-tilskot

Føremålet med tilskotet til spesielle miljøtiltak i jordbruket er m.a. å fremja natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsetjingar og strategiar.

Tilskot Vestland fylkeskommune – verna kulturminne

Tilskotsordninga skal bidra til å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og sikre kulturminne som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Ordninga tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern i kommunale arealplanar eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi. Kommunar i Vestland og eigarar av regionalt verdifulle kulturminne registrert i kulturminnedatabasen Askeladden, kan søkja.

Luster kommune

Luster kommune har fylgjande tilskotsordningar for kulturminnevern.

Tilskot til kulturminnevern

I samsvar med kommunal plan for forvaltning av kulturminne skal kommunen prioritere tiltak som sikrar den antikvariske kvaliteten på anlegg, sikrar overføringsverdien til våre etterkomarar og medverke til formidling av informasjonsverdien. Tilskot vert gitt etter 1/3 - dels regelen.

I 2018 var det avsett kr 100 000,- i budsjettet til ordninga.

Riksantikvaren sine støtteordningar

Vern og sikring av freda bygningar og anlegg

Eigarar av freda bygningar og anlegg, kan etter søknad, få dekkja antikvariske meirutgifter ved istandsetjing/restaurering.

Tilskotsordninga er knytt opp til Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige.

Målet med tilskotsordninga er å følgje opp dei statlege pliktene i § 15a i kulturminnelova. Det vil seie å gi heilt eller delvis vederlag til private eigarar av freda kulturminne til fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon, og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar jf §17 i kulturminnelova. Private eigarar og forvaltarar kan vere einskildpersonar, stiftingar, styret i foreining/organisasjon/ sameige, kyrkjesokn, sokneråd, frivillige organisasjonar eller liknande. søknad om tilskot skal sendast til Vestland fylkeskommune då det er fylkeskommunen som handsamar søknadane om tilskot frå post 71.



Geil / fegate – til å leia husdyr frå fjøs, gjennom innmark til utmarksbeite.

Foto: Åshild Ekrene.

Riksantikvaren kan sjølv initiere tiltak innafor særlege satsingsområde. Det er òg mogleg for fylkeskommunane på vegne av eigarar å søkje om midlar til større oppgåver for kulturminne som har nasjonal verdi.

Verdsarvmidlar

Tilskotsordninga skal medverke til å sikre og setje i stand dei norske verdsarvområda i tråd med dei internasjonale retningslinjene frå UNESCO. Målgruppe for ordninga er private eigarar og forvaltarar av dei norske områda som er førte opp på UNESCO si verdsarvliste. Tilskot kan òg gjevast til tiltak som gir betre tilgjenge og som bidrar til å avgrense slitasje.

Automatisk freda anlegg

Tilskotsordninga skal sikre at arkeologiske kulturminne blir haldne i hevd gjennom ei tiårig satsing på skjøtsel og restaurering av eit utval arkeologiske kulturminne av nasjonal verdi. Målgruppe er private eigarar og forvaltarar av arkeologiske kulturminne.

Brannsikring

Målet med ordninga er å sikre utvalde kulturminne og kulturmiljø mot brann. Midlane på posten går til tilskot og drift av sikringsanlegg ved dei 28 stavkyrkjene, og til brannsikring av utvalde tette trehusmiljø etter søknad. Det blir lagt vekt på prosjekt som har overføringsverdi.

Målgruppa er private eigarar og forvaltarar av utvalde kulturminne og kulturmiljø.

Tilskotsordninga er knytt opp til Bevaringsprogrammet for brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjer.

Arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak

Rundskriv T-02/2007, Kulturminnelova: Staten skal dekke utgiftene heilt eller delvis ved mindre, private tiltak når utgiftene til det arkeologiske arbeidet blir urimeleg tyngande for tiltakshavar.

Kulturminnefondet

Fondet skal hjelpe til med å ta vare på verneverdige kulturminne og at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for framtidig oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping. Fondet gjev ikkje tilskot til t.d. kommunale eigedomar (inkludert kyrkjer), freda kulturminne, museum.

Private fond og stiftingar


Det finst fleire fond som årleg deler ut midlar til å sikra kulturminne. Av desse kan nemnast:

- Stiftinga UNI
- Vestenfjeldske bykreditt stiftelse
- Eckbo's legat

Nasjonalparkane

Tiltaksmidlar har fylgjande føringar:

Midlane dekkjer statlege investeringsutgifter og tiltak i (nasjonalparkar og landskapsvernområde /naturreservat). Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert investeringsutgifter til informasjon, skjøtsels-, og tilretteleggingstiltak. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings-/skjøtselsplan og andre relevante styringsdokument".



Hestaskårane - Restaurering i regi av Luster Sogelag og med stor støtte frå kulturminnefondet. Foto: Luster kommune

Bestillingsdialogen

Bestillingsdialogen er ein formalisert prosess mellom forvaltningsmyndigheita og SNO lokalt for å sikre god dialog og vera forutsigbar med omsyn til prioritering av oppsynsinnsetning og gjennomføring av tiltak i felt. Bestillingsmøta er ein arena for rapportering frå SNO lokalt, drøfting av status, utfordringar og tiltaksbehov. Dette er eit grunnlag for forvaltningsmyndigheitene si innmelding av behov for oppsynsinnsetning og gjennomføring av tiltak, sameleis innmelding av behov for tiltaksmidlar til DN/SNO

Statsbudsjettet

Kulturminnefondet har gjennom statsbudsjettet i 2016 fått desse føringane for midlane frå staten:

- Kulturminnefondet skal ha særleg fokus på søknader frå private eigarar av verneverdige kulturminne som også er prioritert i kommunale kulturminneplanar.

11.9 FORMIDLINGSANLEGG I LUSTER / «SMÅSKALA» FORMIDLING

Luster sitt store anlegg når det gjeld formidling er Urnes stavkyrkje. Luster er også «medeigar» av Sogn folkemuseum på Kaupanger. I tillegg har Luster ei rekkje «småskala» formidlingsanlegg som er knytt til kulturhistoriske bygningar. Gaupne Gamle kyrkje – eigd av Fortidsminneforeninga har også fast omvising sumartid. I tillegg står fleire av kyrkjene opne for folk som ynskjer å besøkja dei. Opningstider på dei minste anlegga er varierende. Men det er eit potensiale for fleire besøkjande, og dette kan evt løysast ved å samordna tilbodet mellom eigarane.

Anlegg	Eigar / drivar	Omvising
Bunadsutstilling Øygdane	Björg Hovland	Sundagar i sumartid / med konsertar
Dale kyrkje	Opplysningsvesenets sitt fond / kyrkja i Luster	Opne / på bestilling
Dale Prestegard	Dagfinn Hovland – tilskipingar og utstillingar	Initiativ til å etablera eit forsamlingslokale i regi av «bygdefolk»
Fluga husmannsplass	Hafslo Sogelag	Tilskipingar
Fuglesteg	Luster Turlag	Open
Gaupne Gamle kyrkje	Fortidsminneforeninga	På bestilling

Heibergske samlingar – Sogn folkemuseum	Stiftinga De Heibergske samlingar – Sogn folkemuseum	Ope heile året. Felles museum for Sogn. Har fleire bygningar og mykje lausøyre frå Luster.
Hestaskårane – husmannsplass	Luster Sogelag v/ Bjørg Hovland	Tilskippingar
Lerum saftfabrikk	Lerum AS	På bestilling
Ormelid	Stiftinga Ormelid gard	Tilskippingar
Sande Gardsmuseum	Atle Ørbeck Sørheim	På bestilling
Skåri	Geirr Vetti	På bestilling
Stuaflåten husmannsplass	Hafslo Sogelag / Stuaflåtringen v/ Ole Jonny Sie	Stuaflåten - open
Urnes stavkyrkje	Fortidsminneforeninga	Fast i sumarhalvåret. Elles tinging for grupper
Wittgenstein	Stiftinga Wittgenstein v/ Harald Vatne	Ope på bestilling



Sande Gardsmuseum – «Ny bruk av gamle hus»
Foto: Luster kommune



Slåttestedag på husmannsplassen Fluga, Hafslo.
Foto: Hafslo Sogelag

12. PLANPROSESS - ORGANISERING AV PLANARBEIDET

Administrativ organisering

Ei administrativ gruppe som har hatt ansvar for planen har hatt denne samansetjinga:

- Plan, Kultur og landbruk

I tillegg har det vore ei referansegruppe med representantar frå desse laga:

- Hafslo Sogelag
- Luster Sogelag
- Jostedal Sogelag
- Samstyret for bondelaga i Luster
- Luster Næringsssamskipnad
- Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane avd
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Kulturavdelinga
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - Landbruksavdelinga
- Reisemål Sogndal og Luster AS / Visit Sognefjord AS
- Luster turlag

Referansegruppa har hatt 2 møte. I tillegg er det halde to møte med dei tre sogelaga.

Kulturminneplanen er m.a. finansiert med tilskot frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Riksantikvaren

DEL II HANDLINGSDEL

13. VERNEVERDIGE KULTURMINNE

Verneverdige kulturminne omfattar i kulturminne som skal prioriterast når det gjeld tilskot og ivaretaking. Mange kulturminne er ikkje nemnde i planen, dette kan likevel vera verdifulle kulturminne som kan prioriterast når planen skal rullerast.

13.1 VERDSETJING - KRITERIUM

Verdsetjing av kulturminneverdiar er knytt opp til fylgjande forhold:

- A. Kunnskap, oppleving og bruk
- a) **Kunnskapsverdi** er kulturminnet si betyding som kjelde til kunnskap om, og forståing av fortida.
 - b) **Opplevingsverdi** er knytt til ålmenta eller ulike grupper si oppleving, og har ein meir personleg forankring enn kunnskapsverdiane.
 - c) **Bruksverdi** kan knytast til økonomisk, kulturell, sosial og miljømessige verdiar i samband med verdiskaping
- B. Eigenskapar som
- a) **Alder**
Før eller etter; 1537 / 1650 / 1850
 - b) **Autentisitet**
 - Kor mykje er det att av den opphavleg/eldre bygningsmaterialen
 - Kva skjer med autentisiteten når delar av bygningen vert fjerna?
 - Kor mykje av bygningsmaterialane er gjenbruk og har ein «historie»
- C. Samanlikning med andre kulturminne, særleg knytt til omgrepa skjeldan og representativ
- Ein type kulturminne som det alltid har vore få av.
 - Kulturminne som var vanlege før men som det er få att av.

Ut frå verdsetjinga får kulturminna ein verdi som også tilsvarar ein prioritet i kulturminneplanen.



Gamle bruer på turvegar representerer både kunnskap-, opplevings- og bruksverdi.

Foto: Per Birger Lomheim

«Prioriterte kulturminne» omfattar i hovudsak kulturminne som i tida framover skal prioriterast når det gjeld sikring og vedlikehald. Mange kulturminne i Luster er i dag sikra gjennom tidlegare prioriteringar. At dei ikkje er nemnde i planen inneber ikkje at dei er «nedprioritert». Desse har framleis ein stor verdi i kulturminna i Luster.

Verneverdi 1 = anlegg som skal / er freda eller regulert til spesialområde kulturminnevern

Verneverdi 2 = anlegg med svært høg lokal og regional kulturminneverdi – omsynssone i arealdel eller reguleringsplan

Verneverdi 3 = anlegg med svært høg lokal kulturminneverdi - omsynssone i arealdel eller reguleringsplan



Kulturminna har ein opplevingsverdig når kunnskapen om dei vert formidla. Her er gjenbruk av utbanka oljefat brukt som taktekkning på eit sel.

Foto: Luster kommune

14. OMSYNSSONER – RETNINGSLINJER

Kulturminne som har prioritet i handlingsdelen skal få fastsett ei omsynssone i Kommuneplanen sin arealdel. Dette for å sikra at kulturminnet vert teke omsyn til ved byggetiltak og prioritert i tilskotssaker. Freda kulturminne som manglar omsynssone skal også sikrast ved ei omsynssone.

Kulturminne som har verneverdi 1 i planen vert kartfesta i kommuneplanen sin arealdel og omsynssoner vert fastsett i den planen.

Retningslinjer for kulturminne med omsynssone:

1. Bygningar og andre kulturminne som ligg innanfor ei «omsynssone kulturminnevern» skal prioriterast med omsyn til kommunale støtteordningar og kommunen si tilråding overfor Kulturminnefondet og andre offentlege / private støtteordningar innan kulturminnevern.
2. Tiltak som kan ha negativ innverknad på kulturminne med omsynssone skal vurderast særskilt i kommunen si sakshandsaming og det skal hentast inn uttale frå regional kulturminnemyndigheit
3. I alle bygningar eldre enn 1900 bør originale vindauge takast vare på, med mindre regionalt kulturminnemyndigheit eller antikvarisk sakkyndig, etter avtale med regional kulturminnemyndigheit, vurderer ei restaurering som er umoglege å gjennomføra
4. I bygningar eldre enn 1930 bør original kledning og andre fasadematerialar takast vare på, med mindre regional kulturminneforvaltning eller antikvarisk sakkyndig, etter avtale med regional kulturminneforvaltning, vurderer ei restaurering som er umogleg å gjennomføra.
5. Bygningar som kommunen vurderer som verneverdige skal takast vare på og vert ikkje gjeve løyve til riving, unnateke ved totalskade. For bygningar som i seg sjølv, eller som del av eit miljø, har historisk, arkitektonisk eller anna kulturell verdi, kan kommunen krevja at det vert teke omsyn til desse verdiane ved endring eller oppussing av fasade. Med sikte på bevaring og/eller gjenoppretting av huset sin karakter kan kommunen krevja at huset si takform, fasadar, vindauge, dører, materialbruk og fargar vert oppretthalde eller tilbakeført. Kommunen kan evt krevja at det vert utarbeidd ein plan som viser korleis dette kan gjerast.
6. Bygningar kan få på-/tilbygg dersom dette ikkje reduserer bygningen sin verneverdi. Evt tilbygg må underordna seg den eksisterande bygningen med omsyn til plassering, utforming, storleik, material og fargebruk.

Ferdselsvegar:

Ferdsel har vore ein føresetnad for all busetnad og verksemd frå tidlegaste tider og fram til i dag. Det er spor etter mange former for ferdsel av di ein alltid har trengt å flytta på seg. Ferdsel har også vore ein viktig føresetnad for forsvar, handel, post og kollektiv ferdsel.

Det er få fredingar knytt til eldre ferdselsruter og det har vore lite fokus på dette i kulturminnevernet. Difor er dette teke med som eit prioritert tema i Riksantikvaren sin fredingsstrategi.

Kan omfatta kulturminne som postveg, pilegrimsveg, slep, handelsruter m.m.

15. ØKONOMISKE VERKEMIDDEL

15.1 TILSKOT TIL KULTURMINNEVERN

I samsvar med kommunal plan for forvaltning av kulturminne skal kommunen prioritere tiltak som sikrar den antikvariske kvaliteten på anlegg, sikrar overføringsverdien til våre etterkomarar og medverka til formidling av informasjonsverdien.

Tilskot vert gitt etter 1/3 - dels regelen.

(Reglement for tilskot til kulturføremål 2019 – 2022. Vedteke i kommunestyret 4.10.18, sak 48/18)

Kriterium for tildeling av kulturvernmidlar.

Kulturminnet er prioritert i Kulturminneplanen for Luster kommune

1. Svært særmerkte kulturminne i kommunen som det er berre eitt eller få av – og som kommunen vurderer som svært verneverdig.
2. Kulturminne som vert rekna som svært verneverdige på fylkesplan og / eller landsplan, og som det finst dokumentasjon på.
3. Heilheitleg og bevaringsverdig kulturlandskap som omfattar både bygningsmiljø og kulturlandskapet rundt dette.
4. Særmerkte kulturminne som ligg slik til at mange får "glede" av dei, dvs. kulturminne som ligg nær veg, mykje nytta tursti, skular og tettbygde strøk.
5. Andre verneverdige kulturminne av antikvarisk verdi.

15.2 FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT

Riksantikvaren har både i 2010 og 2016 oppmoda kommunane om at "bygning som har historisk verdi" vert friteke for eigedomsskatt. Dette omfattar bygningar:

- freda i medhald av kulturminnelova
- regulert til spesialområde bevaring
- bygningar som er omhandla i eigen kulturminneplanen

Heimel til å kunna fritta for eigedomsskatt heilt eller delvis er eigedomsskattelova 6. juni 1975 nr. 29 § 7 bokstav b og gjeld og omfattar både statlege og ikkje statlege eigedomar.

Eit aktuelt tiltak på lengre sikt kan vera å oppretta eit kommunalt kulturminnefond slik t.d. Levanger kommune har gjort. Dette

Tiltak:

Luster kommune innfører fritak for eigedomsskatt frå og med 01.01.2021 for fylgjande bygningar av kulturhistorisk verdi:

- freda i medhald av kulturminnelova
- regulert til spesialområde bevaring. Omfattar Ornes, Solvorn og Urdi, Høyheimsvik.

15.3 ANDRE ØKONOMISKE ORDNINGAR

Andre økonomiske ordningar kan vera å oppretta eit kommunalt «kulturminnefond» - slik t.d. Levanger kommune har gjort. Dette er ei sak som evt. kan takast opp i samband med ein seinare revisjon av kulturminneplanen.



Grøne gardiner.

Foto: Luster kommune



Høyløer på rekkje i dalsdalen.

Foto: Luster kommune



Solvornstrondi i eldre og nyare tid.

Ukjend fotograf



Foto: Luster kommune

16. VERNEVERDIGE KULTURMINNE, KULTURMILJØ OG KULTURLANDSKAP

Kulturminne som er prioritert til kulturminneplanen vert prioritert ved desse tilskotsordningane:

- Luster kommune sine kulturmidlar
- SMIL-tilskot, under føresetnad av at dei også tilfredsstiller kriteria i Luster kommune sine retningslinjer for SMIL-tilskot
- Vestland fylkeskommune sine tilskotsmidlar på verneverdige anlegg
- Kulturminnefondet

Nr	Namn	Historikk	Retningslinjer	Ansvar / Gjennomføring / oppstart	Verneverdi / prioritet	Omsynssone arealdel
	Vedtaksfreda kulturminne		Freda anlegg skal forvaltast i samsvar med fredingsføresegner og evt forvaltningsplan			
	Flahamar, Luster 1920	Hovudhuset er ein tømmerbygning i ein etasje reist over en rektangulær grunnplan, kledd med liggjande, kvitmalt panel, og er oppført i perioden 1760/1765. Den er dekket av tak med svungne flater ("bergensvipp") og avvalma gavlpissar. Midt på hovudfasaden mot sjøen er det en laftet og bordkledd ark eller takopplett under pulttak frå mønet [I august 2010 vart arken demontert] Historikk/Tradisjon: Flahamar var et stormannssete alt i jernalderen, og det er m.a. funnet ei rik kvinnegrav frå vikingtida her. Gården var kyrkjegods i mellomalderen, og har frå 1600-tallet i ein lang periode vore embetsmanns- eller offisersbustad. Garden gjekk ut av embets- og offiserstanden i 1845. Driftsbygningen er ikkje freda, men er ein viktig del av gardsanlegget, og underbygger hovudhuset sin historie.	Heilskapen i anlegget med hovudhus, driftsbygning og naust bør ivaretakast.	Eigar	1	Omsynssone vert avsett i arealdelen og omfattar driftsbygning og naust
	Christianeslyst, Solvorn 1966	Embetsmannsgard med i alt 7 bygningar; hovudhus, vedhus, stabbur, reiskapshus/hønsehus, lysthus, båtnaust, badehus Hovudhuset vart oppført av sorenskrivar og eidsvollsmannen L. J. Irgens, som var sorenskrivar for Indre Sogn. Hovudhuset stod ferdig i ca. 1819. Sorenskrivargarden var i privat eige av sorenskrivarane i Indre Sogn fram til 1849 då garden vart seld til det offentlege. Den vart nytta som sorenskrivarbustad fram til 1966, då embetet vart flytta til Sogndal. Med flyttinga av embetet til Sogndal vart eigedomen seld. I samband med at den vart seld i til private vart anlegget også freda etter kulturminnelova	Reguleringsplan og forvaltningsplan for Solvorn gjeld for tilgrensande område.	Eigar	1	Område rundt er regulert til spesialområde
	Prestegarden, Luster 1991	Luster prestegard, hovudbygning, datert 1730-34, med kjellarmurar frå middelalderen, Stabburet og lysthuset i Stupulshagen. Nærheita mellom kyrkja og prestegarden var avgjerande for fredinga og kulturhistoria som knyter seg til anlegget. Bygningane har i tillegg høg aldersverdi og er prega av arkitektoniske verdiar. Prestebustaden er oppført i tida 130-34 på kjellarmurar frå mellomalderen. Desse er automatisk freda. Bygningen er ombygd fleire gonger og har no detaljar som ber preg av 1800-talet. Lysthuset i Støpulshagen er frå tidleg 1800-talet. Det har kvadratisk grunnflate med pyramidetak.	Leggja til rette for at prestegarden kan brukast til å formidla lokalhistorie og vera eit samlingspunkt i Luster. Prestegarden er historisk knytt til Dale kyrkje. Evt bygging i	Eigar, bygdelag, privatpersonar m.m.	1	Freda bygningar. Område rundt er regulert til spesialområde

		Stabburet har element frå fleire tidsepokar – både 1700-talet og 1800-talet.	området må innordna seg desse bygningane. Skal forvaltast i samsvar med fredingsføresegner og føringar gjeve i reguleringsplan.			
	Bensinstasjon Skjolden 1995	Fredinga omfattar bensinstasjonen med eksteriør og interiør. Føremålet med fredinga er å ta vare på bensinstasjonen i Luster som eksempel på ein stasjonstype som var vanleg på 1950-tallet, men som i dag er sjeldan. Fredinga skal søkja å bevare bygningens opphavlege arkitektur både utvendig og innvendig i størst mulig grad.	Støtta opp om tiltak som sikrar ivaretaking av bensinstasjonen.	eigar	1	
	Arentzbu turisthytte 2009	Arentzbu turisthytte vart oppført i 1956 etter teikningar av Carsten Brevig. Hytta er på 42,5m2 og består av tre rom. Hovudhytta på Arentzbu har gjennomgått få endringar og framstår i all hovudsak slik ho gjorde etter oppføringa. Særleg gjeld dette interiøret som har svært høg autentisitet. I tillegg til den opphavlege turisthytta frå 1956, omfattar anlegget ei gamal steinbu og ei seinare oppført sikringshytte. Disse er ikkje teke med i fredinga.	Ved evt arbeid på steinbua og sikringshytta skal det ikkje gjerast endringar på det opphavlege eksteriøret	Eigar	1	ja
H3	Ormelid, Fortun 2011	Høgdegard der både 6 bygningar og kulturlandskapet er freda – vel 850 daa.	Det skal utarbeidast forvaltnings-plan som gjev tydelegare føringar for tiltak og bruken av heile anlegget.	Eigar	1	-
	Under freding					
	Wittgenstein-huset Austerrike, Skjolden	Stiftinga har som føremål å sikra kulturhistoriske verdiar etter filosofen Ludwig Wittgenstein sitt arbeid i Skjolden. Dei skal utvikla og forvalta eigedom og bygningsmasse realtert til eigedomen «Austerrike» i Skjolden og gjennom dette medverka til lokal verdiskaping. Dei skal ta vare på dei antikvariske verdiane knytt til Wittgenstein sitt opphald i Skjolden. Huset er flytta tilbake opphavleg tomt og vart opna i juni 2019. Like etter varsla fylkeskommunen fredingssak.	Vert fastsett i ei evt freding.	Eigar	1	Ja. Bandlagd for freding
	Husmanns-plassar	Luster var ein av dei kommunane i landet med flest husmenn pr bruk. Husmannsfamiliane var største folkegruppa på midten av 1800-talet. Grunna strukturelle samfunnsendringar forsvann denne husmannsfamiliane utover på 1900-talet. I dag står det eit fåtals bygningar att. Innan både bygningsvern, lokalhistorie og nasjonal historie har saga om husmannsfamiliane og deira liv vore lågt prioritert. Dette er bakgrunn for at Luster kommune har valt å ha høg fokus på husmannsplassar i kommuneplanen og målet er at eit representativt utval skal sikrast for framtida. Solvorn er kjend som strandsitjarstad. Dette er ei klyngje med husmannsfamiliar som budde på allmeningsområdet. Luster har også andre husmannsklyngjer. Det er t.d. Steinabyen i Fortun, der 3 av 7 stovehus framleis står. Det har vore fleire slike «klyngjer» i Luster m.a. Hesjabakken og Lundane i Gaupne og i Jostedalen.	Tilskot kan gjevast for arbeid på antikvarisk grunnlag. Det vert ikkje gjeve tilskot til oppgradering av bygningar.			
P1	Fluga, Hafslø	Hafslø sogelag har over fleire år restaurert og sett i stand plassen som vert nytta til ålmennytige føremål. Plassen har 3 bygningar; stoverhus, løe, uthus	Fluga må sikrast ved omsynssone slik at den framleis framstår som ein plass med	Hafslø sogelag	2	Ja

P2	Stuaflåten, Mollandsmarki	Stuaflåten ligg i brattlenda nedfor Mollandsmarki. Plassen har stovehus og løe som er oppattbygd på gamle murar for få år sia. Plassen er eit døme på den «ekstreme» situasjonen som var på 1800-talet der folk busette seg og tok i bruk utmarka for å få nok til livsopphald.		Hafslo sogelag	2	Ja
P3	Hestaskårane, Luster	Hestaskårane er ein husmannsplass som er omtalte i skriftlege kjelder kring 1660. Plassen kan ha ei lengre tidslinje. Tunet har 6 bygningar: stovehus samanbygd med løe/fjøs, stabbur, eldhus, «nyalø», tobakkshus. Luster Sogelag har over fleire år arbeidd med restaurering av plassen som skal brukast til ålmennyttige føremål. Bygningane har ei lang utviklingslinje og kjellar i stovehus kan ha opphavleg ha vore ei steinstove, fjøsen steinfjøs. Den yngste bygningen er tobakkshuset som kan vera frå 1900-talet. Tømra i stove og løe er prega av gjenbruksmateriale frå eldre bygningar. Det mest serprege gjenbruksmaterialet er blyglasvindaug som kan vera frå tidleg 1700-talet og tilsvarande blyinnfatning som vindauga på Moster gamle kyrkje.	Hestaskårane skal restaurerast etter antikvariske prinsipp med sikte på ei framtidig freding jfr Kulturminnelova.	Luster Sogelag / eigar	1	Ja
P4	Strandsitjarstaden Solvorn	Solvorn er regulert til spesialområde kulturvern og omfattar i tillegg til strandsitjarhusa m.a. Walaker Hotell, Sorenkrivargarden Christianeslyst (freda) og sveitserhusa. Reguleringsplan og forvaltningsplan legg føringar på forvaltning av området.	Forvalta i samsvar med reguleringsplan og forvaltningsplan.	Eigarar / Luster kommune	1	Regulert spesialomr. Heile eller delar av området bør vurderast for freding
	Benthahilleren	Benthaplassen ligg i Dalsdalen og var husmannsplass frå 1791 – 1828. Bygningen var bygd under ei stor steinblokk som utgjorde bakvegg og tak. På framsida og sidene var det murar og inngang til bygningen. Benthaplassen fortel soga om marginaliteten dei levde under i Luster. Ca 70 % av huset er intakt. Bygget hadde 2 rom eit for dyr og eit til bustad – truleg med åre. Steingolvet ligg truleg intakt under jordlag av talle.	Stove og fjøs vert bygd opp att i samsvar med plan/søknad frå 2013.	Eigar / evt sogelag	2	ja
	Høgdegard		Det skal leggast vekt på at høgdegardane opprettheld særpreget sitt. Gardane skal gå inn i ein strategi for ivaretaking og formidling om høgdegardane i Luster Det bør leggast vekt på å ta vare på tunforma og særpreget på bygningane	Ansvar / Gjennomføring / oppstart	Verneverdi / prioritet	Omsynssone arealdel
H1	Fuglesteg, Fortun	Bygningane med m.a. steinstove og steinfjøs er oppattbygde etter brann.		Luster turlag	3	Ja
H2	Skåri, Skjolden	Bygningar er restaurert. Nye bygningar sett opp att på gamle tufter. Restaurert tilflytta bygningar frå Sunnfjord som kan vera automatisk freda (frå før 1536)		Eigar	1	Ja. Automatisk freda bygningar

H4	Furåsen, Fortun	Furåsen og Fuglesteg er «nabo-høgdegardar». Furåsen ber preg av at dei har hatt god tilgang på tømmer og lettdrive innmark samanlikna med mange av høgdegardane i Luster. Tunet med bygningane er intakte, men det kravst ressursar til vedlikehald og istandsetjing.		Eigar	2	Ja
	Landbruksbygningar / Steinbygningar Landbruket sine bustad og produksjonsbygningar	Landbruket sine kulturminne har sett eit stort preg på landskapet i Luster og står heilt sentralt i historia. Omfanget av desse kulturminna er stort og variert. For mange bygningstypar er forfallet stort og det er viktig å kunna ta vare på nokre av desse for framtida. Dette gjeld alle former for uthusbygningar, men og også våningshus/stovehus.	Retningslinjer	Ansvar / Gjennomføring / oppstart	Verneverdi / prioritet	Omsynssone arealdel
	Bygningstypar som er viktige å sikra: 1. Våningshus / stover 2. Driftsbygningar / låvar / Siloar 3. Tobakkshus 4. Utløer 5. Støls hus med sel og fjøs 6. Jordkjellarar 7. Turkehus, stabbur, smier, etc 8. naust	I Luster er det stor variasjon av driftsbygningar med ulike storleikar, konstruksjonsformer og materialbruk. Det må stimulerast og leggast til rette for at eit breitt utval av bygningstypar vert teke vare på og restaurert/ vedlikehalde på antikvarisk grunnlag.	Stimulera til å sikra tradisjonelle bygningar i landbruket og visa breidda av desse bygningstypane. Tilskot kan gjevast for arbeid på antikvarisk grunnlag. Det vert ikkje gjeve tilskot til oppgradering av bygningar.	Eigarar		Er aktuelt å leggja inn dersom bygningen vert gjeve tilskot på antikvarisk grunnlag
	Steinbygningar som er viktig å sikra: 1. Stovehus 2. Fjøs 3. Naust 4. Sel	Steinhus er bygningar bygd med naturstein som hovudmateriale. Bygningstypane er kjend frå ulike delar av landet. Bruk av stein som bygningsmateriale fortel også om knappe ressursar når det gjeld tilgang til tømmer og kan seiast å vera eit særmerke for Luster Veggene i steinstovene og sela er konstruert som dobbel mur, stein utvendig og innvendig, med mold til isolasjon i mellom. Over steinkonstruksjonen var det trebjelkar som ber eit loft eller ein lem. Taket var ofte tekt med torv eller skifer. Med dårleg tilgang til bygningsmaterialar av tre vart stein brukt som eit alternativ. I Luster har det vore tradisjon med å byggja både stove, fjøs, naust og sel i stein. Dei siste steinstovene som har vore i tradisjonell bruk er den freda steinstova i Ormelid og steinstova i Fåberg. For nokre år sia vart steinstova i Fuglesteg bygd opp att og vert nytta som DNT-hytte. Steinstova i Skåri er også bygd opp att. Utfordringa i framtida vert å sikra eit representativt utval av slike bygningar. Stimulera til å sikra minst ein steinbygning pr år dei neste 10 åra. Prioritera steinbygningar av ulike typar som viser breidda av funksjonsområde.	Stimulera til å sikra tradisjonelle steinbygningar. Tilskot kan gjevast for arbeid på antikvarisk grunnlag. Det vert ikkje gjeve tilskot til oppgradering av bygningar.	Eigarar	2	?
	Gardstun		Retningslinjer Det bør leggast vekt på å ta vare på tunforma og særpreget på bygningane	Ansvar / Gjennomføring / oppstart	Verneverdi / prioritet	Omsynssone arealdel
G1	Berget, Jostedal	Opphavleg husmannsplass truleg etablert kring 1790. skild ut som eige bruk i 1829. Stovehus kan vera frå 1790. nyare stovehus frå 1950. Steinfjøs er restaurert med nytt tak. Stabbur frå kring 1880. Jostedal historielag leiger bygningane og nyttar dei til opne tilskipingar.		Eigar/ leigetakar	3	Ja

G2	Berge, Fortun	Stovehus, skulestove og stabbur frå 1800-talet. Særmerkte detaljar på inngangspartia til stovehuset. Stovehus og skulebygning har hjørnepilastre med klassiske detaljar. Fjøs og eldhus ligg på nedsida av veggen. Omfattande arbeid med restaurering		Eigar	2	Ja
	Urdi, Høyheimsvik			Eigar	1	Regulert til spesial-område
	Yngsdalen	Rekkjetun på vestsida av Veitastrondsvatnet som ligg markert i landskapet.		Eigar	3	Ja
	Nes (gbnr 72/1)	Gardstun med bygningar hovudsakleg frå 1800-talet. Godt vedlikehalde og		Eigar	3	Ja
	Vetle-Kroken	Vetle-Kroken var tilbake til 15-1600-talet eigd av Teiste-familien som hadde nær tilknytning til Kruckow-ætta på Sørheim og Kongen. Peder Pavels Munthe (son til Hartvig Munthe og barnebarn til Gerhard Munthe i ytre Kroken) fekk skøyte på garden i 1841. Truleg var det Pavels –«Vetlekafeinen» som han vart kalla som bygde stovehuset. Det vert sagt at huset vart bygd som ein mini-kopi av Munthehuset. Stovehuset skal vera vølt fleire gonger m.a. i 1926 og 1939 (Luster Bygdebok). Stabburet kan også vera frå denne tid, medan fjøsen vart bygd ny i 1935. Til eigedomen høyrer det også ei posthus og kaihus som ligg ved veggen. Ingen av bygningane er SEFRAK-registrert.	Det bør leggst vekt på å ta vare på tunforma og særpreget på bygningane inkludert kaien og posthuset	Eigar	2	Ja
	Stølar	Stølsdrift i Luster har tradisjonar tilbake til mellomalderen og har stått heilt sentralt i drifta av landbruket og livet til alle som var knytt til landbruket.	Retningslinjer 1. Nye sel skal ha same form og storleik som dei gamle sela i området. 2. sela bør ikkje gjerdast Ved framføring av veg til stølar bør ikkje veggen gå inn i stølsområdet. Felles parkeringsplass vert opparbeidd utafor stølsområdet. Er aktuelt å leggja inn dersom bygningen vert gjeve tilskot på antikvarisk grunnlag	Ansvar / Gjennomføring / oppstart	Verneverdi / prioritet	Omsynssone arealdel
S2	Geisdalen, Jostedalen	Sela i Geisdalen ligg i hovudsak på rekkje – med nokre få i bakkant. Stølen er omkransa av ein kraftig steingard på ca 900 meter. Heile stølsgjerdet er på vel 76 daa.		Eigarar	3	Ja
	Kringla, Luster	Stølen Kringla i Luster ligg nær opp til Breheimen nasjonalpark. Stølsgrenda hadde på det meste 12 sel, og mange står framleis i den tradisjonelle stilen. Dei fleste sela har i utgangspunktet hatt denne forma: planløyning med midttinggang til skotet, er vendt nedover, og mjølkebui med dobbel steinmur står inn mot bakken. Fjøs i kjellaren. Taka har tradisjonelt vore tekt med store skiferheller.		Eigarar	3	Ja
	Nystølen, Ornes	Sumarstøl til Ornes-gardane. Sela er i tradisjonell form og tømra. Eit av sela er bygd opp i 2002 på gamal tuft og med gamal tømmer. Kan koplast til turveg Ornes – Nystølen – Kveken og inngår som del av «verdsarvopplevingar» på Ornes.		Eigarar	1	Ja

	Kveken, Kinsedalen	Vårstøl til Ornes-gardane. Sela er i tradisjonell form og tømra. Eit av sela er bygd opp i 2002 på gamal tuft og med gamal tømmer. Kan koplast til turveg Ornes – Nystølen – Kveken og inngår som del av «verdsarvopplevingar» på Ornes.		Eigarar	1	Ja
	Hongi, Hafslø	Støl for bruk under gardane Sætre, Hauge, Nygard og Solvi på Hafslø. Hafslø Prestegard hadde stølsrett her i tillegg til Lid. Var ein middels stor støl med 7-8 sel og dei fleste har framleis sitt tradisjonelle preg (Kjelde: Stølar og Stølsliv i Luster)		Eigarar	2	
	Kulturlandskap		Retningslinjer	Ansvar / Gjennomføring / oppstart	Verneverdi / prioritet	Omsynssone arealdel
L1	Ornes	Landskapet på Ornes er viktig for å forstå samanhengen mellom kyrkja og folket i regionen og kvifor den står på denne plassen.	Definera verdsarven sine tilhøyrande verdiar som skal vera grunnlag for fastsetjing av omsynssone	LK/ verdsarv-råd Omsynssone: LK	1	Ja. Når tilhøyrande verdiar er definert
L2	Munthehuset med kulturlandskap	Munthe-huset, bygd i 1791 og fekk si endelege utforming i 1846, var hovudbygning på embetsmannsgarden Kroken i Luster. Garden var m.a. møteplass for dei fremste nasjonal-romantiske kunstmålarane som Flintoe, I.C. Dahl, Tidemand og Gude. I nasjonalromantikken var naturen djupe dalar, høge fjell og store tre, og dette vart skildra av landskapsmålarane for å gje ein felles norsk identitet. Kunsten var ein måte å gje folket eit idealbilete av ein felles norsk identitet – og denne sit framleis klistra i oss. Munthehuset og Kroken var staden der mange av dei som uttrykte nasjonalromantikken samla seg og festa landskapet til lerretet. Munthe-familien eigde garden i åra 1746 -1866.Huset var på 1990-talet gjennom ei omfattande restaurering, og i den samanheng overteke av ei stifting. Munthehuset har stor verdi som viktig del av nasjonalromantikken og nasjonsbygginga sist på 1800-talet.		Stiftinga Munthehuset	1	Ja. Bør vurderast for freding
	Dalsdalen, Luster	Dalsdalen i Luster går frå bygda nede ved fjorden i nordvestleg retning til garden Kilen der den flate dalbotnen sluttar. Vidare er det gangveg over Storhaug til Vigdalen og Jostedalen. I heimste delen av dalen og i Kilen har det alltid vore fast busetnad med gardar og husmannsplassar, medan fremste dalen, frå Tadlagjerdet til Kilen, kalla Framdalen, vart nytta som utmark for gardane nede i bygda; til beiting, stølsdrift (om våren og hausten), slått, lauving og rising. (Kjelde fylkesarkivet). Steingjerde på kryss og tvers er eit karakteristisk trekk i dalføret. Mange gardar ved fjorden hadde fleirsidig utmarksbruk innover i dalen.	Kulturlandskapet i Dalsdalen med steinmurar, gamle stølsbygningar (sel, løer mjølebuer m.m), husmannsplassar m.m. skal prioriterast	Eigarar	2	Ja
	Svendsøystølen – Steinmurar, Fortunsdalen	Dette er ei innhegning med kraftige steinmurar og inndelt i tre langsgåande «rom». Lengda er ca 90 meter og ei samla breidde på ca 40 meter – i alt ca 3,5 daa. Breidda på kvart av «romma» er frå ca 10 – 20 meter. Murane er ca 170cm høge og 120cm breie. Føremålet er uvisst, men ein mogleg bruk kan vera innhegning til fedrifter som kom / skulle over fjellet til Gudbrandsdalen – Lom eller Skjåk – då dette er eit «vegaskifte». Kan vera frå 15-1600-talet.	Før nye tiltak i området må det utførast arkeologisk registrering.	Eigarar / fylkeskomm.	1	Ja

	Vasskraft		Retningslinjer	Ansvar / Gjennomføring / oppstart	Verneverdi / prioritet	Omsynssone arealdel
V1	Feigum, Sørsida	Mølla i Feiga vart truleg bygd i 1782 og vart restaurert på 1990-talet. Mølla vart driven av vatn frå Møldeelvi, ei mindre elv som tek av frå Feigeelvi. Det har vore fleire møller, sag og stampe i Feiga. I Feiga er det kjent at det har vore sag sia 1600-talet. Anlegget i Feiga omfattar: mølle, sag, smie og røyrgate.	Det bør leggast vekt på å ta vare på bygningane sitt særpreg.	Eigar	2	Ja
V2	Soget, Hafslø -	Anlegget er eit av dei eldste tiltak av sitt slag på vestlandet, planlagt og utført av NVE sin forgjengar – «Kanalvæsenet» på 1870-talet. Soget fortel ei historie om kor viktig ferdsel og kommunikasjon var, og korleis ein gjekk fram for å betra ferdsla langs eit vassdrag på Vestlandet. Fram til då var det uansett vasstand uråd å ro gjennom passasjen, men undersøkingar viste at ein kunne passera på låge vasstandar. I 1870 vart det planlagt å sprengja ei båtrenne på dei vanskelegaste partia og byggja ei innretning for å hala opp båtar. Arbeidet starta i 1873. Endringar i planane førde til at det vart bygd ein trekkveg på høgre side til fordel for den nye innretninga. Trekkvegen vart bygd av vekselvis stein og tre på fjellboltar. I tillegg vart jettegryta som låg i løpet førebygd med tørrmur. Arbeidet var ferdig i 1884.		Eigar; NVE	2	Ja
V3	Døsen kraftstasjon	Døsen kraftstasjon vart opna i 1915 og tilførte fyrst Lyster Sanatorium Harastølen elektrisitet og deretter bygda. Før kraftstasjonen vart bygd vart vasskrafta nytta til kvernhus, ei stampe og til meieriet.		Eigar	2	Ja
	Militære anlegg					
M1	Ekservollen, Luster	Ekservollen er eksisplassen til Lysterske Compagni er også omtala som Nordre Indresognske Compagni av Bergenhusiske Nationalinfanteriregiment. Eit telthus frå plassen vart oppattsett i Skjolden (bryggjehuset). Plassen vert i dag nytta til forsamlingsplass / ålmenne interesser. Den siste avrettinga i fylket skjedde her i 1858.			2	Ja
M2	Kinsedalen – Anorthositt-anlegg	For å sikre råstoff til aluminiumsproduksjon i Årdal, kjøpte Hydro i 1918 rettane til anorthositt-felta i Kinsedalen. Dei etablerte dagbrot ved fjorden og bygde ein utskipingskai. I mellomkrigstida var produksjonen lagt ned. I 1940 satsa Norsk Hydro opp att lenger oppe i Kinsedalen. På kort tid vart det bygt opp eit gruvesamfunn der det arbeidde kring 400 mann. Det vart bygd opp eit lite samfunn med brakker, ny kai på 100 meter, verkstad, mannskapsmesser, kontor og bustadhus for ingeniørar og funksjonærar. Ved steinbrota vart det bygd store fjellhallar for knuseri og siloar, og i 1941 ei jernbane frå sjøen og m.a. i ein 300 meter lang tunnel opp under siloane i fjellhallane. I 1943 vart det i tillegg bygt ei ekstra trallebane som frakta folk og utstyr mellom sjøen og steinbrota. I 1942 tok tyskarane sitt Nordag-selskap opp att brytinga av anorthositt i førekomsten ved sjøen. Arbeidarane på dette anlegget var for det meste folk som var tvangsutskrivne til arbeidsteneste for okkupasjonsmakta. Norsk Hydro sin aktivitet i Kinsedalen slutta tvert då aluminiumsfabrikken på Herøya vart lagt i grus av allierte bomber i 1944. I løpet av nokre dagar var bygda «tom» for folk. Like etter krigen vart det gjort eit mislukka forsøk på produksjon av anorthositt som råstoff for aluminiumsverket i Høyanger. (kjelde Fylkesleksikon) I dag er det få fastbuande i Kinsedalen. Men ei svær kai og nokre gamle hustuffer minner om at denne bygda i nokre hektiske krigsår var eit gruvesamfunn som talde 400 arbeidarar. Skule i Kinsedalen og Kroken: Frå 1946 til 1952 vart det drive yrkesskule i dei tidlegare gruvebygningane i Kinsedalen. I alt 200 elevar tok eksamen på mekanikk-, elektrisk-, møbel-, maskinsnikring- og husbyggjarlinene ved skulen. I 1952 brann messe- og bustadbrakka ved skulen i Kinsedalen, og yrkesskulen vart flytta til Sogndal. Bygda fekk fast vegsamband til Ornes tidleg på 1990-talet.	Det bør leggast til rette for at historia om anlegget vert formidla i form av tilrettelegging av kultursti med merking, skilting og informasjons-tavler. Tiltaket bør knytast til andre informasjonstiltak på sørsida.		2	Ja

	Helseinstitusjon					
	Harastølen	Det har over tid vore arbeidd med å sikra Harastølen og restaurera det med sikte på å etablera hotell. Eigiar har nyleg slått seg konkurs og overlevert buet til skifteretten. Det er viktig at Harastølen vert sikra som kulturminne for framtida. Alternativet kan vera at anlegget vert rive		Evt eigiar i samarbeid med LK, VLFK og RA	1	Ja Området vert regulert til spesialområde og kulturminnevern
	Skulestover	Kvar grend hadde si skulestove tidleg på 1900-talet. Mange av desse er rivne eller overteke til private føremål. Frå 1860-talet kom skulebygginga for alvor i gong. Og på det meste kan det ha vore over 30 skular i Luster. Få av dei står att. Dei gamle skulane kan fortelja ei viktig historie knytt til nasjonsbygginga, utdanningssamfunnet og folkeopplysinga. Difor er det viktig at kvar kommune tek vare på ei skulestove som kan formidla ein viktig del av vår historie	Retningslinjer	Ansvar / Gjennomføring / oppstart	Verneverdi / prioritet	Omsynssone arealdel
U1	Ornes	Skulestova på Ornes vart flytta frå Kreken på Ytre Hafslo til Ornes i 1910. Skulestova har i seinare år vore nytta som forsamlingslokale i bygda. I samband med verdsarv arbeidet er det utarbeidd ein plan for bruk av skulestova med sikte på å formidla bygda sin historie. Også skulehistorie vil verta formidla her.		Verdsarv rådet / eigiar	1	Ja. Regulert til spesialområde kulturlandsk. landbruk
U2	Vigdal	Vigdal fekk eige skulehus i 1926, etter at kravet hadde vore framme sidan 1913. Vigdal vart slegen saman med Alsmo krins frå 1962 til 1966, då skulen vart sentralisert til Gaupne. Læraren i krinsen, Olav Havreberg, fekk i 1946 bygdefolket med på å byggje ei badstove ved skulen. Badstova vart restaurert i 2000. skulestova vert i dag nytta som forsamlingslokale for bygda.		Eigiar	2	Nei
	Ferdselsveggar stølsveggar/ gardsveggar	I Luster har det vore eit omfattande nettverk av ferdselsveggar. Vegnettet kan historiske delast inn slik: <u>Hovudveg</u> knytte saman dei ulike bygdene og landsdelane. <u>Tverrveg</u> var vegane som knytte gardane til hovudvegane. <u>Privat veg</u> var t.d. gardsveggar, stølsveggar, tømmerveggar. Dei eldste ferdavegane går tilbake til førehistorisk tid og ein av desse er t.d. Dølavegen mellom Ormelid og Høydalen i Lom. Mange støls- og gardsveggar har ei slik historie. I dag er vegane ei kjelde for historiekunnskap, oppleving og fysisk aktivitet.	Retningslinjer Ved bygging av skogsveggar bør desse ikkje leggjast i traseen for dei gamle ferdselsvegane	Ansvar / Gjennomføring / oppstart	Verneverdi / prioritet	Omsynssone arealdel
V1	Kongevegen Årøy-Hafslo	Delar av vegen ligg i Luster kommune. Det brattaste partiet med høge murar ligg i Sogndal og er som eit Vindhella i miniatyr. Det knytter seg mange historier til vegen m.a. Futaspranget, Gildreskreda, Olavskjelda og ei bygdeborg.			1	Ja
V2	Gamlevegen Galden-Solvorn	Vegen ned Solvornsgalden var ferdig utbetra til kjerreveg i 1848			2	Ja
V3	Kongevegen Hafslo – Marifjøra	På strekninga Veum-Lambhaug er det flotte steinmurar med sidearm av vegen, som bør bevarast. Har fått stilk-tilskot.				Ja
V4	Gamlevegen Luster – Vigdal Fåbergstølen – Viva	Gamal gangveg mellom som tidlegare var den viktigaste ferdselsvegen mellom Jostedalen og Lustrafjorden. Vigdalen høyrde då til Dale sokn, og dette var vegen folk gjekk til kyrkje. Vegen vert kalla Bispevegen etter at biskop Johan Nordal Brun reiste her då han var i Jostedalen på bispevisitas i 1806.			2	Ja
V5	Kjerreveg Røneid - Jostedal	Tidlegare var ein avhengig av å legge vegen over/utanom bratte gjel då ein ikkje hadde utstyr til å sprengje fjellet. <u>A: Over Timmermyra.</u> Vegen ligg intakt bortsett frå at den nordlegaste nedstigninga er erstatta med ny skogsbilveg.		Grunneigarar, frivillige		Ja

		<i>B: Hellemoøy – Myklemyr</i> Oppstigninga frå Hellemoøy låg intakt med fint oppmurte murar i hårnålssvingar, men vart borte då det vart bygd ny skogsbilveg for å kunne rydde opp etter stormen Dagmar. Nedstigninga til Myklemyr er oppgradert til skogsbilveg, men den gamle muren over svaet er bevart. <i>C: Sperla – Jostedal Prestegård.</i> Vegen har god standard bør kunna nyttast meir aktivt		lag/organis asjonar etc		
V6	Gamlevegen Kvålviki til Ottum, Luster	Går gjennom Bargarden naturreservat.	Tilretteleggja for å betra tilkomsten frå FV 55 til vegstubben		3	Ja
V7	Dølavegen	Mellomalder ferdselsveg mellom Ormelid og Høydalen i Lom. Ei mellomaldersk varderekkje på høgfjellet fortel historia om vegen. Varderekkje med vardar av ulik storleik og form. Overnattingsstader i form av hellarar og steinblokker som ein kunne søkja ly under, langs vegen. Vegen gjekk ut av bruk kring 1870-talet då ferdsla dreia meir over mot Sognefjellsvegen etter at den nye varderekkja kom på 1850-talet. Ormelid hadde eige herberge for dei reisande.	Sikring av vardar må avklarast med RA før evt tilrettelegging for å ta opp att ferdsla langs vegen.		1	
V8	Varderekkja og gamlevegen Turtagrø – Sognefjellet/Grense Lom	Varderekkja over Sognefjellet vart bygd etter at stillinga som vegdirektør vart etablert kring 1850. Auka handelsverksemd førde til at ferdsla mellom Skjolden og Lom tok seg kraftig opp på slutten av 1800-talet og fram til vegsambandet mellom nord-Gudbrandsdalen og Oslo betra seg.			2	Ja
	Driftevegane i Luster	Driftehandelen i Luster var i tidlegare tider omfattande og med mange trasear over fjella – og nokre kryssa også fjorden. Sogn og Fjordane fylkeskommune har kartlagt ein del av traseane med sikte på å reetablere dei som kultur- og friluftsvegar	Kartlegging av dei resterande traseane			
V9	Ornes - Nyestølen	Stølsvegen svingar seg opp den bratte lia frå Ornes og er godt halden. Vegen er framleis brukt til buføring. Den kan også har vore sambandsveg over til Årdal og kan knytast til historia om Hagbart, son til Vettikongen og kongsdottera Signy frå Ornes. Signysalen - staden der Signy vart stengd inne – ligg i nærheita av vegen.	Vegen skal skiltast og merkast Skal prioriterast for evt rydding og utbetring på vanskelege parti.	Grunneigar ar. Evt i samarbeid med Verdsarvrå det	1	
	Forsamlingslokale:	Forsamlingslokala på bygdene er forteljinga om demokratiutviklinga i bygdelaga. Mange av husa var viktige i kunnskapsformidling om ulike sider ved samfunnet frå siste halvdel av 1800-talet.				
		<ul style="list-style-type: none"> • Ungdomshus • Skyttarhus • Bedehus 	Stimulera til å sikra eit utval av forsamlingslokale i Luster, der både innreiing, interiør og eksteriør vert har eit «opphevleg» preg	Eigar	3	Er aktuelt å leggja inn dersom bygningen vert gjeve tilskot på antikvarisk grunnlag
	Offentlege bygningar		Retningslinjer	Ansvar / Gjennomføring / oppstart	Verneverdi / prioritet	Omsynssone arealdel
	Kyrkjene i Luster	Luster har mange kyrkjer jfr folketalet i kommunen. Fleire av dei har både høg alder og høg arkitektonisk verdi. Kyrkjer frå før 1537 er automatisk freda. Kyrkjer bygd mellom 1650 og 1850 er «listerført» og verneverdig. Kyrkjer bygd etter 1850 har ikkje nokon spesiell status utan at det vert gjort særskilde vedtak.				
Ky1	Urnes stavkyrkje	Stavkyrkje frå 1130-talet. Står på UNESCO si verdsarvliste	Det bør til ei kvar tid vera ein oppdatert		1 Freda	Ja. Regulert spesialomr.

Ky2	Gaupne gamle kyrkje	Bygd på 1600-talet, tømra bygning og rosemåla dekor innvendig	vedlikehalds- plan for dei privateigde kyrkjene i Luster	Fortidsminneforening a	1	Ja. Område av kyrkje-garden langs vegen er regulert til kyrkjegard		
Ky3	Dale kyrkje, Luster	Steinkyrkje frå 1200-talet	Vedlikehald av dei offentlege kyrkjene i Luster skal prioriterast i denne rekkefylgja: 1. Dale kyrkje 2. Joranger, Jostedal og Nes kyrkjer 3. Fortun, Solvorn, Fet og Gaupne kyrkjer	Luster kommune /Kyrkjeleg fellesråd	1 Freda	Ja. Regulert spesialomr.		
Ky4	Joranger kyrkje, Indre Hafslo	Bygd på 1600-talet, tømra bygning og rosemåla dekor innvendig			2 Listeført	Ja		
Ky5	Jostedal kyrkje, Jostedalen	Bygd på 1600-talet, tømra bygning og rosemåla dekor innvendig			2 Listeført	Ja		
Ky6	Nes kyrkje, Nes	Frå 1800-talet – truleg bygd etter «typeteikningar» frå kyrkje- og undervisningsdepartementet			2 Listeført	Ja		
Ky7	Gaupne Kyrkje, Gaupne	Bygd i 1900 og har ei noko anna stilform enn kyrkjene frå 1800-talet			2 Listeført	Ja		
Ky8	Fortun kyrkje, Fortun	Frå 1800-talet – truleg bygd etter «typeteikningar» frå kyrkje- og undervisningsdepartementet			3			
Ky9	Solvorn kyrkje, Solvorn	Frå 1800-talet – truleg bygd etter «typeteikningar» frå kyrkje- og undervisningsdepartementet			3			
Ky10	Fet kyrkje, Indre Hafslo	Frå 1800-talet – truleg bygd etter «typeteikningar» frå kyrkje- og undervisningsdepartementet			3			
KY11	Hafslo kyrkje, Hafslo	Frå 1800-talet – truleg bygd etter «typeteikningar» frå kyrkje- og undervisningsdepartementet			3			
KY12	Fortun – gravplassen	Gravplassen kring tomte til gamle Fortun kyrkje som vart flytta til Bergen.			1 Freda	Ja		
	Andre offentlege bygningar				Retningslinjer	Ansvar / Gjennomføring / oppstart	Verneverdi / prioritet	Omsynssone arealdel
	Rådhuset i Gaupne	Rådhuset i Gaupne har store arkitektoniske kvalitetar i form av innreiing og materialval. Bygget er frå 1968 og bygd etter at storkommunen Luster vart etablert. Inn er ein integrert del av Spesialdesigna interiør Også møblar / salongar, blomsterpotter, utgjer ein del av denne innreiinga			Arkitektoniske kvalitetar og detaljar inne i bygningen skal ivaretaast. Ved oppussing og oppgradering skal det hentast råd frå fagkyndig i fylkeskommunen. Evt endringar i interiøret skal vera reversible	LK	3	
	Buffersone Urnes verdsarv		Retningslinjer	Ansvar / Gjennomføring / oppstart	Verneverdi / prioritet	Omsynssone arealdel		
		Nye framtidige lokalitetar omfatta av buffersoneplan for verdsarven skal innarbeidast i kulturminneplanen sin handlingsdel ved revisjon.	Retningslinjer vert fastsett i buffersoneplan	Urnes verdsarvråd / eigarar	1	Ja		

17. FRAMLEGG TIL LOKALITETAR SOM BØR VURDERAST FOR FREDING ELLER REGULERING TIL SPESIALOMRÅDE KULTURMINNE

Luster har i pr i dag 8 vedtaksfreda kulturminne / anlegg og det er varsla fredingsstart på eit område til i 2019.

Luster kommune ynskjer med dette å få synspunkt og vurderingar på om dei anlegga som er vurdert i planen er av nasjonal verdi og dermed aktuelle for freding. Vestland Fylke bør i si fråsegn til kulturminneplanen vurdere dette og koma med tilbakemelding på evt freding og omfanget av denne på dei tre aktuelle framlegga. Vedtak om freding vert gjort av Riksantikvaren.

Område som bør vurderast for freding jfr Kulturminnelova §§15, 19 og 20 i uprioritert rekkefylgje.

Lokalitet	Heimel jfr Kulturminnelova	Fredingstema:	Ansvar	Samarbeid med
Muntehuset i Kroken	Freding av bygningar og anlegg m.v. frå nyare tid og område rundt freda kulturminne jfr §§15 og 19	Tema: «kunsten i nasjonsbygginga»	Fylkeskommunen / riksantikvaren	
Husmannsplassen Hestaskårane	Freding av bygningar og anlegg m.v. frå nyare tid og område rundt freda kulturminne jfr §§15 og 19	Tema: Arbeidarklassen sine buformer Husmannsplass med 6 bygningar med ei historie tilbake til 1600-talet.	Fylkeskommunen / riksantikvaren	
Strandsitjarstaden Solvorn	Freding av kulturmiljø §20	Tema: Arbeidarklassen sine buformer og Historisk tettstadutvikling ved sjøkanten	Fylkeskommunen / riksantikvaren	
Harastølen	<p>Sikring av kulturhistoriske bygningar jfr Plan- og bygningslova: Eit område på Harastølen, inkludert alle bygningar knytt til «<i>sanatoriet</i>», vert avsett i arealdelen med påfølgjande reguleringsplan:</p> <p>Området vert avsett i arealdelen som omsynssone jfr PLBL §11-8 c; Kulturminne prioritert i kulturminneplan. Det vert fastsett bestemmelsar for å sikra dei kulturhistoriske verdiane i området.</p> <p>Området vert deretter fylgt opp med reguleringsplan og regulert jfr §12-5 nr 1 til bebyggelse / anlegg – turistføremål. I reguleringsplan vert det fastsett omsynssone jfr §12-6 med tilhøyrande bestemmelsar jfr §12-7 nr 1, 2,6,9 og 12</p>	Tema: Helseinstitusjon. Spesialbygd anlegg for tuberkulosebehandling som blei driven av ein privat stiftelse, men finansiert av staten.	<p>Eigar</p> <p>Nye eigarar har overteke sommaren 2020 og starta opp med arbeidet.</p>	Kommune, fylkeskommune og evt riksantikvaren

18. OPPFYLGJANDE OPPGÅVER

18.1 KJELDE TIL KUNNSKAP - Å UTVIKLE OG SPREIE KUNNSKAP OM KULTURARVEN SOM RESSURS

Formidla kunnskapen om kulturarven i Luster kommune gjennom fokus på identitet, særpreg ved staden, symbolbruk, omdøme og attraktivitet

- Kunnskap skal vera grunnlaget for å sikra verdifulle kulturminne for framtida
- Kunnskap om den lokale kulturhistoria og kulturminna må formidlast til alle – men med prioritet på barn og ungdom
- Styrka kunnskapen og formidling om mangfaldet og særtrekka ved kulturhistoria og kulturminna i Luster

Hovudmål	Delmål – slik vil me ha det	Tiltak – slik gjer me det	Ansvar	Samarbeid med
God kunnskap om dei immaterielle kulturverdane	God ivaretaking av dei immaterielle kulturverdiane i Luster	Ved neste revisjon av kulturminneplanen skal denne utvidast til å omfatta dei immaterielle kulturminna i Luster	LK	Sogelaga, husflidslaga, evt m.fl.
God kunnskap om kulturminne og kulturhistoria i Luster	I 2020 skal Urnes verdsarvråd vera ein etablert organisasjon som ivaretek det overordna verdsarvbeidet i Luster Verdsarven skal vera grunnlag for kunnskap og formidling av viktig kulturhistorie i Luster	<ol style="list-style-type: none"> 1. Støtta opp om vidareutvikling av eit handlekraftig verdsarvråd for Urnes stavkyrkje 2. Støtta opp om etablering av ein handlekraftig administrasjon for verdsarvbeidet og dei tilhøyrande verdiane 3. Dokumentera dei tilhøyrande verdiane for verdsarven Urnes stavkyrkje 4. Utarbeida og vedta kommunal plan som sikrar dei tilhøyrande verdiane for verdsarven Urnes stavkyrkje og som er avgrensa med ei omsynssone 	LK Bygdela, LK, organisasjonar m.fl LK LK /V.råd	RA, SFFYK, FMF, bygdela m.fl. V.råd RA, SFFYK, FMF RA og verdsarvrådet
	Born og unge som er engasjert i å ta vare på kulturminna i Luster	<ol style="list-style-type: none"> 1. Utarbeida læreplan i lokal kulturhistorie for grunnskule og vidaregåande skule 2. Støtta opp om etablering av «Borna sitt sogelag» 	LK Sogelaga	LK LK
	Fleire fagarbeidarar med god kompetanse på bygningsvern og restaurering	Støtta opp om utdanning av restaureringshandverkarar og handverkarar innan tradisjonelle byggjeteknikkar	bedriftseigarar	LK

	Hjelp til organisasjonar og personar som løfter fram historia om kulturminna i Luster	<ol style="list-style-type: none"> 1. Støtta opp om å utvikla «mikro-musea» som formidlingsarena for lokale kulturminne og kulturhistorie 2. Støtta opp om lokalhistorisk tidsskrift 3. Støtta opp om studentarbeid som har fokus på Luster si kulturhistorie 4. Støtta opp om å leggja til rette informasjon i område der det har vore arkeologiske utgravingar. 5. Motivera og støtta opp om lag og organisasjon eller personar som ynskjer å kartleggja forhistoriske kulturminne i utmark 		
	Kulturminneverdiane i vernesona i Solvorn skal sikrast for framtida	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fullføra brannsikringsplan 2. Prioritera sikring av «uthusa»; sjøbuer med bolverkskaier, naust og fjøs 3. Sikra kulturminneverdiane i strandlinja mellom ferjekaien og t.o.m. Christianselyst 	LK Eigarar	RA og huseigarar LK, VLFK
	Vardar Auka kunnskap om vardar på fjelltoppar og langs ferdselsvegfar som viktige kulturminne	Gamle vardar både langs ferdselsvegfar og på fjelltoppar bør framhevast som kulturminne ved skiltinformasjon ved den einkilde varde	Luster Turlag, fjellstyra, nasjonalparkane, sogelag, bygdelag etc	LK
	Vetar Sikra kunnskapen om vetane i Luster	Det skal støttast opp om arbeidet med å få registrert vetane i Luster som del av dei tilhøyrande verdiane for verdsarven Urnes stavkyrkje.	Sogelag, bygdelag, grunneigarlag etc	LK
	Oppdatert informasjon om verdfulle kulturlandskapsområde i Luster	Oppdatering av rapporten «Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Luster kommune»	LK og HISF	Eigarar
	Tilrettelegging av arkeologiske kulturminne: <ul style="list-style-type: none"> • Gravhaug; Gaupne (Hyljarhaugen) • Skålagroper, Engjadalen • Fangstanlegg - Jostedalen (på bandet mellom Vanndalen og Vigdalen) • Vigdalsstølen – tufter • Stølsanlegg Tuftene, Kroken 	Tilrettelegging t.d. i form av skjøtsel, skilting og infotavler gjennom Bevaringsprogrammet for ARkeologiske Kulturminne (BARK)	LK	RA, Universitetet i Bergen og sogelaga i kommunen
	Info-tavler Utgravingsområde – område som er frigjevne. T.d.: <ul style="list-style-type: none"> • Jernaldergard, Borhaug, Solvorn. • Kultanlegg, Botn på Hafslø 	Det bør i område der det er føreteke utgravingar og området seinare er frigjeve, setjast opp info-tavler der det vert informert om funna som er gjort i området.	LK	VLFK , UiB

18.2 KJELDE TIL OPPLIVINGAR

Kulturminna skal vera ein kjelde til opplevingar og engasjement for dei som bur i og dei som besøker Luster.

Kulturminna og kulturhistoria kan brukast aktivt i produksjon av opplevingar med vekt på:

- «stavkyrkja og landskapet»
- ferdsel – fjord og fjell
- husmannsplassar og høgdegardar
- «krydder i landskapet»
- Styrka samarbeidet mellom private aktørar som eigarar, organisasjonar og næringsliv og offentlege aktørar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Samarbeid skal vera med å styrka lokale mobiliserings- og utviklingsprosessar innan kulturminnevernet.

Verdsarvkomunen Luster skal innan 2024 markera seg som ein «10-på topp» kommune i forvaltning av kulturminne

Hovudmål	Delmål – slik vil me ha det	Tiltak – slik gjer me det	Ansvar	Samarbeid med
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Leggja til rette for at fastbuande og besøkjande får kunnskap om kulturminna i kommunen 2. Gamle ferdselsveggar vert brukt som tur- og opplevingsveggar 3. Kulturminne som arena for opplevingar 	<ol style="list-style-type: none"> 1. God skilting og informasjon om kulturminna i kommunen 2. KULTurar - etablera eit godt utval av kulturløyper tilrettelagt med informasjon på app 3. Vektleggja skilting og informasjon om kulturminne langs turveggar 4. Ny bruk av gamle hus - 5. Registrering av gamle ferdselsveggar i kommunen som grunnlag for framtidig opplevingsveggar 6. Støtta opp om restaurering av gamle ferdselsveggar 7. Stimulera til at kulturminne vert brukt aktivt i opplevingar 8. Skilta / merka prioriterte drifteveggar Luster: 1. Kroken, 2 Arentzbu, 	<p>LK</p> <p>Sogelaga og turlag</p> <p>Nasjonalparkforvaltninga</p>	<p>Lag og organisasjonar, private</p> <p>LK</p>
	<p>Gamle utmarksbygningar (løer, fjøsar, naust, mjølkebuer, jordkjellar etc.) vert teke vare på gjennom ny bruk</p>	<p>Aktuelle bruksområde kan vera:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Enkel overnatting i tilknytning til gamle ferdselsveggar, stiar og turområde (sjå http://www.opaform.no/Loe%20Storhaugen) • Rasteplassar i turområde • «Kvilehus» (alternativ til gapahuk og lavvo) i tilknytning til skular og barnehagar, barnas turlag ol. 		
	<p>Kyrkjene i Luster skal til ei kvar tid ha eit tilfredsstillande vedlikehaldsnivå</p>	<p>Alle kyrkjene i Luster skal til ei kvar tid ha ein oppdatert plan for vedlikehald</p>	<p>Kyrkjeleg fellesråd</p> <p>Fortidsminneforeninga (Urnes og Gaupne gamle kyrkje)</p>	<p>LK</p> <p>RA</p>
		<p>Dei dei mange og ulike «Mikro-musea» i Luster fortel samla ein viktig del av Luster si historie som fleire bør få kjennskap til. Nokre er lagt godt til rette for formidling, nokre har planar for framtida – og nokre har eit</p>	<p>Eigarane</p>	<p>LK, Visit</p> <p>Sognefjord, sogn folkemuseum -</p>

<p>Etablere «<i>Mikro-museum</i>» i Luster» som ein attraksjon</p>	<p>Eigarar av «Mikro-musea» i Luster samarbeider om å ha eit fast og annonsert opningstilbod kvar sumar.</p>	<p>unytta potensiale. For å betra tilgangen til anlegga må det etablerast eit nettverk mellom dei ulike eigarane ved å støtta opp om etablering av ei kulturhistorisk «løype» og nettverk for «småskala» kulturhistoriske formidlingsanlegg i kommunen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fruktmuseum – Kroken • N.H. Lerums Saftfabrikk AS Handels- og industri-museum Sørheim • Munthehuset embets- og kunstnargard • Låven på Sande, Sørheim - gardsmuseum • Feiga – mølle og sag • Witgenstein - filosofi • Øygdane - Folkedrakt • Berget- gardsanlegg Jostedalen • Høgdegardane – Fuglesteg, Skåri og Ormelid • Husmannsplassane Fluga, Stuaflåten, Hestaskårane og strandsitjarstaden Solvorn – med tønnefabrikken 		<p>Heibergske samlingar</p>
--	--	---	--	-----------------------------

18.3 KJELDE TIL VERDISKAPING

Kulturminna vert ein ressurs for lokal og regional næringsutvikling ved å:

- løfta fram verdsarven som ressurs for lokal verdiskaping og lokal identitet
- bruka kulturarven i ein strategi for lokal verdiskaping og innovasjon og leggja vekt på kopling mellom kulturminne, friluftstiltak og fysisk aktivitet
- berekraftig forvaltning av kulturminna og kulturmiljøa på der ein også tek omsyn til deira tolegrense

Hovudmål	Delmål – slik vil me ha det	Tiltak – slik gjer me det	Ansvar	Samarbeid med
Kulturminne i Luster skal vera grunnlag for arbeidsplassar og trivsel	<ol style="list-style-type: none"> 1. Urnes verdsarvsenter skal vera etablert innan 2025 2. Bruka kulturminne og kulturhistoria i Luster som drivkraft i verdiskapingsprosjekt 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Støtta opp om etablering av eit verdsarvsenter på Ornes 2. Verdiskapingsprosjekt : «Husmannsplassen – vern gjennom bruk og formidling». 3. Kulturutviklar – utvikling og organisering for bruk av kulturminne 	Verdsarvråd LK	LK, Fortidsminneforeninga, ++ Eigarar
	Gamle ferdseveggar er kjelde til oppleving og fysisk aktivitet	<p>Gamle ferdseveggar</p> <ol style="list-style-type: none"> a. Før fastsetting av trase som råkar gamal veg, skal saka vurderast av kulturminnefagleg person i Luster kommune og sendast på høyring til fylkeskommunen. b. Ved vurdering av vegane, skal dette tilleggast høg verdi: <ul style="list-style-type: none"> • Del av eit samanhengande vegnett mellom fleire bygder / gardsområde/stølsområde • Høg grad av opparbeiding • Gamle vardar • Historier knytt til vegen • Veg med kulturminner langs vegen • Veg med mange naturopplevingar, gamal kulturmark, skog, stølsområde etc. • Veg som går ut frå tettbygde strøk eller som går ut frå/ligg nær område med plass for parkering • Veg med høgt brukspotensiale 		
Husmannsplassar	Luster skal ta vare på ulike husmannsplassar som fortel historia om husmannsvesenet.	Det skal leggast vekt på at husmannsplassane opprettheld særpreget sitt. Plassane skal gå inn i ein strategi for ivaretaking og formidling om husmannsvesenet både i Luster og nasjonalt		

Kjelder:

Sentrale dokument som er brukt som kjeldemateriale i planen er:

Heimesider:

- <https://www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon-sogn-og-fjordane/558/0/>
- <https://leksikon.fylkesarkivet.no/>
- www.fylkesatlas.no
- <https://askeladden.ra.no/Askeladden/Pages/LoginPage.aspx?ReturnUrl=%2fAskeladden%2fwww.kulturminnesok.no>
- <https://www.riksantikvaren.no/ordlister-med-ordforklaringar-nynorsk/>
- www.ra.no
- <http://kvitrud.no/lokalhistorie.htm> - Luster

Skriftlege kjelde:

- Forvaltningsplan for Ornes
- Forvaltningsplan for Solvorn
- Ætte- og gardssoga for Luster
- SEFRAK – kulturminneregistreringar for Luster
- Luster Sogelag 2012 : "Vi Arbeidere er ingen faatallig Hær": om husmannsvesenet i Noreg. Eivind York
- Åstveit 1998, Valvik & Åstveit 1999, Austad & Øye 2001, Øye et al. 2002: "Vestlandsgården - fire arkeologiske undersøkelser", Arkeologisk institutt UiB, 2002